



Austevoll kommune

Kommunedelplan for Kulturminne 2016-2028



Kolerakyrkjegarden på Kalve.
Foto: Kristin Magnussen



Hufthamartunet. Foto: Hordaland fylkeskommune v/Ann Steindal

”Kulturminne - ei kjelde til kunnskap, oppleving og identitet”

Innhald

Samandrag.....	3
DEL 1: KULTURMINNE SOM TEMA FOR LOKAL SAMFUNNSUTVIKLING.....	4
Kapittel 1.	
Kvifor kulturminneplanar?	5
Mål med lokal kulturminneplan	5
Forhold til andre planar i kommunen	6
Kapittel 2.	
Målsettingar og utfordringar i kulturminnearbeidet	7
Kven har ansvar og kva verkemiddel har me i arbeidet med kullturminna?.....	9
Kapittel 3.	
Omgrep i arbeidet med kulturminne.....	11
Overordna lovverk og ansvarsdeling.....	12
Heilskapstenking gjev grunnlag for verdiskaping.....	13
Kriterium for verneverdi.....	15
DEL 2: LOKALE KULTURMINNE OG HANDLINGSPROGRAM.....	17
Kapittel 4.	
Austevollsamfunnet i utvikling frå fortid til framtid.....	18
Førhistorie og mellomalder.....	18
Mot industrialisering.....	19
Sidan 1900.....	19
Kapittel 5.	
Omtale av kulturminna i kommunen.....	20
Fornminne/automatisk freda kulturminne.....	20
Eksempel på faste og lause fornminne frå/i Austevoll.....	22
Nyare tids kulturminne – Yngre enn 1536.....	24
Resultat frå «innsamlinga» november/desember 2015.....	24
Eksempel på nyare tids kulturminne i Austevoll.....	25
Dokumentasjon og registrering av kulturminne – ei utfordring.....	28
Kapittel 6.	
Handling og tiltak.....	29
Kva skal me prioritera 2016 - 2020?.....	29
Mål og tiltak i planperioden 2016 – 2020.....	29
Kven har ansvar, og korleis komma i gang med gjennomføring av tiltak i 2017?.....	30
Kjelder/litteraturliste.....	32
DEL 3: Vedlegg/Kulturminnedel	
Vedlegg 1- Oversyn Kulturminne i Austevoll per desember 2015.....	33
Vedlegg 2: Fornminne og automatisk freda kulturminne.....	34
2.1: Funn under vann.....	39
Vedlegg 3- Nyare tids kulturminne.....	40
3.1: Kyrkjer, kyrkjebygg og gravplassar.....	40

3.2: Kulturmiljø i kystkulturen sitt kulturlandskap- Handelsstader, tettstader og sjøhusmiljø.....	42
3.3: Kulturmiljø i landbrukets kulturlandskap- Gardsanlegg og utmarksverksemd.....	44
3.4: Samferdsel.....	45
3.5: Næring, tekniske/industrielle kulturminne og vassdrag.....	46
3.6: Samfunnsinstitusjonar- Offentlige bygg, organisasjonsbygg og skulebygg	47
3.7: Forsvar og krigsminne.....	48
3.8: Bustader og arkitektur – historisk utvikling innan lokal byggeskikk.....	48
3.9: Minnesmerke, parkar og hagar.....	49
Vedlegg 4- Lause kulturminne.....	50
4.1: Private og offentlige samlingar av kulturhistoriske gjenstandar.....	50
4.2: Båt og fartøy.....	50
4.3: Reiskap frå fiskeri og anna verksemd.....	51
4.4: Foto og skriftleg materiale.....	51
Vedlegg 5- Immaterielle kulturminne.....	52
5.1: Handverk.....	52
Vedlegg 6- Innspel til offentlig høyring av Kommunedelplan for Kulturminne 2016-2028.....	53
Vedlegg 7- Innspel frå Stolmen Vel til Høyring av Kulturminneplan 2016-2028.....	57



Kyrkjelyden er samla etter ei gravferd (?) ved Storebø kyrkje ca.1936. Maleriet er signert Monsen. Etterkommarane etter presten Mjøs har gitt dette kulturhistoriske maleriet attende til Austevoll. Maleriet kan ein sjå på Kulturbakeriet/Prestagarden Storebø



Austevoll kommune

Samandrag

Austevoll er ein kommune i vekst. Ein har grunn til å vera stolt over at folketalet stig, næringslivet veks og folket gjev uttrykk for at Austevoll er ein god kommune å bu i. I meir enn 10.000 år har folk klora seg fast på dei vindfulle øyane her i vest.

Fiske og verksemdar knytt til aktivitet på sjøen har i århundre vore grunnpilaren i næringslivet. Arkeologiske funn vitnar om at sjøen hadde ei viktig rolle for folket her vest allereie då isen trakk seg tilbake. Leveveg og livsvilkår finn ein framleis igjen i kystkommunen sine mange spanande døme på kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap. Kommunen har en rik kulturarv som ein kan vera stolte av. Dei mange kulturminna er med på å gje øysamfunnet Austevoll eit unikt særpreg, og austevollingen sin identitet.

Kommunedelplan for kulturminne 2016 – 2028 er den første kulturminneplanen som vert utarbeida for kommunen. Planen vert ein delplan av kommuneplanen sin samfunnsdel og er heimla i Plan og bygningslova §11-9, arealføremål jf. pbl § 11-7, omsynssoner med retningslinjer og føresegn jf. pbl11-8. Planen skal reviderast kvart 4.år.

Prosjektarbeidet med denne delplanen vart tidfesta til perioden august 2015 – juni 2016.

Prosjektarbeidar/kulturminnekonsulenten jobba med temaet kvar torsdag, -samanlagt om lag halvannen månads arbeid. Austevoll kommune har fått tilskot frå Hordaland fylkeskommune til dette arbeidet.

Kulturminneplanen gir eit bilde av situasjonen for kulturminna i Austevoll her og no. Målet er at planen vert ein mal for kommande arbeid og revidering av kulturminneplanen. Planen er og tenkt som eit verktøy for dagleg kulturminneforvaltning. Håpet er at arbeidet vert eit bidrag til å fremja forståing for verdien kulturminna kan ha for dei som til ei kvar tid bur i lokalsamfunnet.

I arbeidet med kulturminneplanen har ein stilt seg spørsmål:

- Korleis står det eigentleg til med kulturminnefeltet i Austevoll?
- Kva rammer har ein å arbeida etter innan kulturminnefeltet her lokalt?
- Kva arbeid bør prioriterast i første planperiode fram mot revidering i 2020?

Fokus på kulturminne som eit offentleg felt, har ikkje vore eit høgt prioritert område i Austevoll. Hovudutfordringar for kulturminnevernet i Austevoll er tap av bygningar og kulturmiljø. Ein manglar dokumentasjon og registreringar av bygningar, kulturmiljø og gjenstandar, foto osv. I det tidsavgrensa arbeidet med kulturminneplanen har det vore viktig å lyfta fram og visa at ein har eit spanande mangfald av kulturminne i kommunen. Det kjem vidare fram at det er trong for grunnarbeid når det gjeld registreringar, dokumentering og verdsetting av kulturminna. Dette må ein gjera for å sikra kunnskap og få til ei betre offentleg forvaltning, privat skjøtsel og vern. Ved å ta godt vare på eit utval av lokale kulturminne og miljø vert dei kjelder til kunnskap, oppleving, identitet, - og ny verdiskaping og for dei kommande generasjonar. I høyringsrunden som vart avslutta den 15 sep. 2016 kom Hordaland Fylkeskommune v/ Utval for kultur, idrett og regional utvikling og fylkeskonservatoren med eit viktig bidrag til oppfylging og vidareføring av planen. Dette er lagt inn i vedlegg 1 og kjem fram i dei prioritert områda for kommande budsjettår 2017 side 32.

Kristin Magnussen
Prosjektarbeidar/kulturminneplanarbeidet
Storebø oktober 2016



Austevoll kommune

DEL 1

KULTURMINNE SOM TEMA FOR LOKAL SAMFUNNSUTVIKLING



Gravhaug fra bronsealder ved Selbjørn bru. Foto: Kristin Magnussen.



Potetkjellar/Jordkjellar på Gardsbruk Haugen i Torangsvåg.
Foto: Helga Rabben



Måling av bygdeborgen på Møkster.
Elevprosjekt på Møkster skule hausten 2015.
Foto: Mona Mørk



Kapittel 1.

Kvifor kulturminneplanar?

Den overordna kulturminneforvaltninga i Norge vert styrt av Klima- og miljøverndepartementet og med Riksantikvaren ved roret. Gjennom prosjektet «kulturminne i kommunane» (KIK) har dei sett seg som mål at flest mogleg av landets kommunar skal ha tilgjengeleg kunnskap og oversikt over viktige kulturminne. Dei vil og at kommunane skal ha planar for forvaltning av kulturminna.

Risikantikvaren ønskjer vidare at verneverdige kulturminne og kulturmiljø skal sikrast i arealplaner, og leggest inn i relevante register. Alle kommunar skal sjølv ha, eller ha tilgang til naudsynt kompetanse og verktøy for å kunna ivareta kulturminna. Ein kulturminneplan kan sjåast i samband med god lokalsamfunnsutvikling. Ein kan la kulturminna bli ein ressurs og ein premiss for diskusjonar og avgjerder i lokalsamfunnet. Kulturminneplanane skal gi betre grunnlag for offentlege tilskots- og økonomiforvaltning der private eigarar skal få større moglegheit for hjelp og stønad. Kulturminneplanane er

altså tenkt som aktive verktøy i tilskots-, og vedlikehaldstenking både på lokalt og regionalt nivå. Gjennom arbeidet med kulturminneplanane vil kommunane få auka kunnskap om lokalhistoria og kvifor dei ulike kulturminna skal takast vare på. Når innbyggjarane blir kjente med eigen historie og formidlar denne til andre vil det skapast meirverdiar. For areal-, plan- og byggesakshandsaminga vil ein med ein kulturminneplan tidlegare og enklare kunna ta omsyn til kulturminneverdiane. Ein politisk vedtatt kulturminneplan vil gi føringar for korleis omsynet til kulturminne og kulturmiljø skal ivaretakast i kommuneplanen sin arealdel. Den kan seia noko om bruk av areal og omsynssoner ikring desse. I anna kommunal verksemd kan kulturminneplanen vera eit viktig bidrag til eigedomsforvaltninga, skule og undervisning, kultur, næring, samferdsle med meir. Ein god plan er resultat av ein god prosess og at den blir fylgt opp av brei handling i etterkant.

<http://www.riksantikvaren.no/Prosjekter/Kulturminne-i-kommunen-KIK/Hvorfor-boer-kommunen-ha-en-kulturminneplan>)

Mål med lokal kulturminneplan

Hovudmålet med kommunedelplan for kulturminne er å **styrke kulturminnevernet** i Austevoll. Dette kan gjerast ved å utarbeida ein plan som:

- Gir oversikt over breidde i kulturminnetema i kommunen.
- Setja opp ei prioritert liste over utval av kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap.

«I en spørreundersøkelse laget på oppdrag fra Riksantikvaren i juni 2015, svarer 84,4 % av respondentene at kulturminner er svært viktig eller nokså viktig for dem. Og hva er det vi oppsøker når vi er på ferie? Det er som regel kulturminner, flotte kulturlandskap og det historiske sentrum i de byene vi er innom. Men det er nå hverdager det er flest av, og når så mange svarer at kulturminner er viktige for dem, gir det meg all inspirasjon jeg trenger til å stå på for å bevare det beste fra våre byer, bygder og landskap.»

<http://www.riksantikvaren.no/index.php/Aktuelt/Nyheter/Riv-den-gamle-skiten>



Austevoll kommune

- Presenterer ein handlingsplan for å sikra kommunal forvaltning av kulturminna, kulturmiljøa og kulturlandskapa.
- Sørgja for at kulturminneplanen vert innarbeidd i kommuneplanen sin arealdel med generelle føresegnar jf. pbl § 11-9, arealføremål jf. pbl § 11-7, omsynssonar med retningslinjer og føresegn jf. pbl 11-8.

Delmål for arbeidet med kulturminneplanen i Austevoll er:

- Å utarbeida kunnskapsgrunnlag om kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap til bruk i anna kommunal planlegging.
- Å identifisera effektive tiltak for å redusera tap av kulturminne.
- Å sikra ei betre og meir heilskapleg kulturminneforvaltning.
- Å etablere eit godt verktøy som kan forenkla og effektivisera kommunen sitt arbeid i plan- og byggesaker som vedkjem kulturminneinteresser.
- Bidra til formidling av- og bevisstgjerjing av Austevoll sine kulturminneverdiar
- Skapa grunnlag for kartleggingar og registrering av kulturminne og kulturmiljø i Austevoll.
- **Ta vare på kulturminne og kulturmiljø for kommande generasjonar**

Forhold til andre planar i kommunen

I følgje Plan- og bygningsloven (2008) § 4-1 første ledd, er det krav til utarbeiding av planprogram for kommunedelplanar som kan ha vesentleg verknad for miljø og samfunn. Kommunedelplan for kulturminne 2016-2028 vert altså ein delplan i «Kommuneplan for Austevoll 2012-2023» (revidering no i 2016). I føresegnar og retningslinjer til arealdelen i kommuneplanen for Austevoll 2012 – 2023 (§ 1 plankrav) finn ein retningslinjer i forhold til kulturminne og freda kulturminne. «*Det stillast krav om dokumentasjon på at nye tiltak ikkje skiplar verneverdige kulturminne og kulturmiljø, og dersom konflikt med kulturminne, skal saka leggjast fram for regional kulturvernmynde. Det er krav om reguleringsplan i område med kulturminne*» (Austevoll kommune: Føresegnar og retningslinjer til arealdelen i kommuneplanen for Austevoll 2012 – 2023)

Hausten 2015 vart det varsla oppstart av planen. Det var utarbeida eit planprogram som grunnlag for arbeid med ein kulturminneplan. Føremålet med planprogrammet var å klargjere målet med planarbeidet, visa problemstillingar, utgreiingsbehov og korleis arbeidet var tenkt organisert og gjennomført. Planprogrammet var ute på offentleg høyring, og det endelege planprogrammet vart vedteke av kommunestyret i desember 2015. Planen skal gjelda for perioden 2016-2028, med revidering kvart 4. år. Planen skal fyrste gang reviderast i 2020.

I forhold til intensjonar i kommunalt planverk er det viktig at «*kulturminneplanen ikkje havner i en skuff, men at kunnskapen som er samlet, og tiltaka som er tatt inn i handlingsplanen blir brukt aktivt og realisert som en del av kommunens virksomhet*» (www.riksantikvaren/veileder/Kulturminneplan.no)



Kapittel 2.

Målsettingar og utfordringar i kulturminnearbeidet

Kulturminne og kulturmiljø er ein del av grunnlaget for å forstå oss sjølve og samfunnet. Kunnskapen om desse gjer heimstaden vår særskild for den einskilde, og unik i ein større samanheng. Å ta vare på alle spor etter menneske si verksemd er umogleg. Ein lyt difor gjera eit utval. Det som vert vektlagt som verneverdig, bør samla gje eit representativt bilete av menneske sitt liv og virke. Det er viktig at kulturminna vert sett på som ein ressurs for vår tid og som ein ressurs vi forvaltar på vegne av framtida. Ein må gjera val ut frå kva vi i vår tid vurderer som viktig å ta vare på. Når eit kulturminne er borte, kan ein aldri få det att. Det er opp til kommunen å bestemma kva som er viktige kulturminne når det gjeld lokal verdi. Utover det kan kulturminne også ha regional eller nasjonal verdi. I nokre tilfelle kan kulturminneverdiane også vera på eit internasjonalt nivå. Dokumentasjon, vern, forvaltning, bruk og verdiskaping er sentrale element i arbeidet med kulturminneplanen. Kulturminna i Austevoll kommune er under press både når det gjelder arealbruk, befolkningsvekst og synet på og kunnskapen om kulturminna sin verdi og eigenart. I kommuneplanen er visjonen om å vera ein «ja-kommune». Korleis skal vi kunne behalda Austevoll sin historie og identitet i ei framtid med utvikling på områda: bustadbygging, veiplanlegging, industriutvikling og folkevekst? Kulturminnevernet støyter på utfordringar og dilemma også i møte med andre samfunnsinteresser og i spennet mellom vern og utvikling.

«Kommunene kan sette kulturarven inn i en areal- og samfunnsmessig sammenheng slik at den blir et aktivum i lokalsamfunnet og gi verdiskaping med ringvirkninger langt ut over kommunens grenser.»

<http://www.riksantikvaren.no/index.php/Tema/Arealplanlegging>

Hovudutfordringar for kulturminnevernet i Austevoll er:

- **Tap av bygningar og kulturmiljø**
- **Mangel på dokumentasjon (heilskapleg Sefrak-registrering og/eller andre bygnings- og kulturmiljø registreringar)**
- **Mangel på antikvarisk/kulturhistorisk verdisetting i offentleg plan- og tiltaksarbeid**

Nye tider gjer at gamle bygningar av kulturhistorisk verdi misser sin funksjon og kan forsvinna heilt. Bustadhus, naust, løer, smier og torvhus blir ståande tomme og forfalle. Bygningar som har vore viktige for Austevoll sin historiske identitet blir borte. I Austevoll har me «berre» ein SEFRAK rapport frå delar av Selbjørn, registrering av sjøbruksmiljø og handels- og gjestgivarstader. Det er i dag usikkert korleis status for desse registrerte kulturminna er. Forutan desse gamle registreringane har me ikkje ei heilskapleg og oppdatert registrering. Tapsprosenten av faste kulturminne sidan første registrering i 1973 er høgst usikker.



Spørsmålet er altså kva har me av autentiske hus og kulturmiljø frå ulike tidsepokar pr. 2016 og kva andre typar utfordringar har me i kulturminne-/vernarbeidet?

- **Vedlikehald av verneverdige bygg og anlegg**

I Austevoll har ein ingen rettleiingsteneste når det gjelder restaurering og vedlikehald av eldre hus og anlegg. Kulturminne i privat eige er avhengig av eigaren si interesse, kompetanse, erfaring og økonomisk moglegheit. Ein eigar kan velja å ikkje vedlikehalde ein verneverdig bygning, eller eigar kan modernisere etter vår tids krav og syn på estetikk. Kva ansvar og kompetanse har kommunen på dette området? Korleis kan kommunen gå meir aktivt inn med antikvarisk kompetanse og formidling av tilskotsordningar til offentlege og private eigarar av kulturminna? Kan antikvarisk rettleiing gje auka økonomisk verdi på bygg, anlegg og omkringliggande kulturmiljø?

- **Universell utforming**

I møtet med moderne tekniske krav og forskrifter må ein søka å finna tilpassa løysningar i eit unikt kulturmiljø. Korleis kan ein lokalt møta krav om universell utforming utan å redusera den antikvariske verdien av verneverdige bygningar og kulturmiljø?

- **Energi og miljøomsyn**

Omsyn til energisparing vil framover og bli sterkare i forhold til verneverdig og eldre bygningsmasse. Miljøomsyn skal vega sterkt, men kan komma i konflikt med til dømes gamle uisolerte vindauga og byggemateriale. Kven skal huseigar rådføra seg med? Korleis kan ein lokalt bidra med kunnskap og ekspertise på dette området?

- **Areal og tettstadsutvikling**

Det er politisk vedtatt i Austevoll kommune å fortetta i dei eksisterande tettstadsområda. I enkelte område framstår tettstadane som tidstypiske og hellskaplege, bygd i samband med aktivitetar knytt til sjø og fiskeri. I andre område påverkar nybygg og nyetableringar dei eksisterande boligområda. Arkitektoniske og kulturhistoriske verdiar har i fleire tilfelle stått i vegen for det nye. Kva gjer ein i slike tilfelle? Kan eksisterande eldre bygg og anlegg bli ein spennande del av ein ny heilskap? Bør verdifull kulturhistorisk bygningsmasse flyttast til nye område? Kan lokale kulturhistoriske konsekvensutgreiingar gje eit nytt syn på «den gamle skiten»? Er områderegulering og omsynsoner vegen å gå for å sikra unik bygningsmasse og miljø?

- **Veiplanlegging**

Debatten om nye vegar og bruer i kommunen er eit tema det vil bli meir trykk på i åra som kjem. Kvar skal vegar gå? Kva kulturhistoriske og vernemessige omsyn skal ein ta med i planlegginga? Vegplanlegging kan verta spesielt utfordrande då det også er etatar utanfor Austevoll kommune som set premissar og krav.



Austevoll kommune

- **Attgroing og klimaendringar**

Kulturlandskap gror att fordi det ikkje blir brukt som beitemark. Eit våtare klima og manglande vedlikehald av elveleie, veger, grøfter og steingardar gjer at mange kulturminne blir meir utsatt for skadar og blir øydelagt

- **Utbygging i strandsona og i utmarka**

Strandsona og utmarka er under press. I strandsona finn ein bygningar og miljø som er viktige delar av vår kystkulturarv. Sjøen var ferdselsveg og gav livsgrunnlag. Dette ser me igjen langs sjøen i Austevoll. Me finn handelsstadar, sjøhus, nothengjer og saltebuer. Kvart år forsvinn delar av denne kulturarven. Kva har me eigentleg att og kva vil me ta vere på for ettertida?

I utmarka finn me restar etter bygg som i dag kan synast ubetydelege og utan funksjon. Bør ein ta vare på bygg som fortel ein kulturhistorie om torvuttak, utmarksslått, steingardar brukt til stølsdrift i utmarka. Kva med ørnehytter, kverner og sager? Eit stort og rikt mangfald er under press. Kva er vegen vidare for dei lokale kulturminna?

Kven har ansvar og kva verkemiddel har me i arbeidet med kulturminna?

Statlege myndigheiter sitt ansvar

Riksantikvaren sorterer under Klima- og Miljødepartementet og er det direktoratet som har nasjonalt fagleg ansvar for kulturminnevernet.

Riksantikvaren skal:

- utøva den nasjonale kulturminnepolitikken som er vedteken av Stortinget og regjeringa
- vera rådgivar for departementet i alle saker som gjeld kulturminna og kulturmiljøa
- ha fullmakt til å fredda faste og flytande kulturminne ved enkeltvedtak eller forskrift
- i kommunale plansaker kunna stoppa planar ved «innsigelse» om nasjonale kulturminneinteresser er trua

Riksantikvaren har ansvar for miljøovervakingsprogrammet knytt til SEFRAK. Her undersøker og registrerer dei tap, endringar og tilstand på bygningar eldre enn 1900 (sjå www.miljostatus.no)

Fylkeskommunen

Fylkeskommunen har ansvar for kulturminna i fylka og for kulturminna i samiske områder.

Fylkeskommunen skal:

- sørgja for at det blir tatt omsyn til kulturminna og –miljøa i planlegginga også på kommunenivå
- førebu saker for Riksantikvaren



Austevoll kommune

- ha vedtaksmyndigheit etter kulturminneloven
- ha ansvar for og leiinga av arbeidet med regional planstrategi, regionale planar og planføresegn

Fylkeskommunen er regional styresmakt og forvaltar statleg ansvar gjennom delegerte oppgåver frå Riksantikvaren. Fylkeskommunen fører tilsyn med freda kulturminne og er avgjerande myndigheit i fleire saker som gjeld kulturminne i Austevoll. Fylkeskommunen kan foreta førebels freding. Austevoll sorterer under Sunnhordland Museum på Leivik, Stord. Dette og andre museum har ansvar for fagleg bygningsantikvarisk bistand, innsamling, restaurering og formidling av gjenstandar og for dokumentasjon av immateriell kulturarv.

Kommunen

Kommunane har ansvar for å forvalta kulturminne og kulturmiljøa i sitt planarbeid gjennom [Plan- og bygningslova](#).

Austevoll kommune har ei nøkkelrolle:

- Kommunen må sikra kulturminne i eigen kommune. Gjennom samfunns- og arealplanlegging er Plan og bygningslova det viktigaste verkemiddelet.
- Kommunen har eit spesielt ansvar for kulturminne av lokal verdi, og kan sjølv velja å sikra kulturminne som er viktige for lokalsamfunnet, sjølv om dei ikkje vurderast til å ha regional eller nasjonal verdi.
- Ved at viktige kulturminne «settes på kartet» skal kommunen kontrollera at verneverdige og freda kulturminne ikkje blir revne eller endra utan at fagmyndigheitene har hatt muligheiter til å uttala seg.
- Kommunen skal også passa på at ikkje kulturminna sine omgivadar blir øydelagde, at ein ikkje bygger for nær eit fornminne og at nybygg harmonerer med eldre verneverdige bygningsmiljø.
- Ei av dei viktigaste oppgåvene kommunen har er å formidla og leggja til rette for oppleving av kulturminne i Austevoll.
- Kommunen har ansvar for forvaltning av nyare tids kulturminne som ikkje er freda, og for eventuelle freda og verneverdige bygg i kommunen sitt eige.

Private eigarar sitt ansvar

Dei fleste kulturminna er i privat eige. Eigaren sin vilje, kompetanse, økonomi og erfaring er avgjerande for at kulturminnet og kulturmiljøet skal bli ivaretatt og brukt på ein berekraftig måte. Det er offentlege og private støtteordningar som kan bidra fagleg og økonomisk i dette arbeidet, men ansvaret for bevaring, riktig restaurering og hovudfinansiering ligg på dei som eig kulturminna. Det er eit stort og viktig samfunnsansvar.

Frivillige organisasjonar i lokalmiljøet

Mange frivillige organisasjonar og velforeiningar som til dømes Austevoll Historielag, Austevoll Kyst- og sogelag, Selbjørn Fiskarsogelag, Austevoll Turlag, representantar frå idrettslag og velforeiningar kan ta ansvar for kulturminne ved å øva press i kulturminnesaker,



og engasjera seg for bevaring i enkeltsaker. Fleire organisasjonar har og tatt på seg ansvar for vedlikehald, skilting, dokumentasjon eller andre formidling-, innsamling- og sikringstiltak.

Kapittel 3. Kulturminnevernet

Omgrep i arbeidet med kulturminne

Kulturminne kan definerast som alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, herunder lokalitetar knytt til historiske hendingar og/eller tru eller tradisjon, jf. Kulturminneloven § 2.

Kulturlandskap kan i brei forstand definerast som det menneskeomforma eller det menneskepåverka landskapet – i motsetning til det upåverka naturlandskapet.

Kulturminnelova skil mellom **automatisk freda kulturminne og nyare tids kulturminne som er vedtaksfreda**. Dette gjeld både materielle- og immaterielle kulturminne. Samtlege kulturminne frå tida før reformasjonen (1537) er automatisk freda. Vidare er alle ståande byggverk oppførte mellom 1537 og 1649, skipsfunn og samiske kulturminne eldre enn 100 år, rekna som automatisk freda. I enkelte tilfelle blir det gjort vedtak om å vedtaksfreda kulturminne slik at til dømes eit område rundt vert freda for å verna/visa samanheng til det automatisk freda enkeltobjektet.

Midlertidig freding kan ein vedta som straksvedtak dersom eit kulturminne er trua eller utsett for fare, eller om ein vil evaluera eit kulturminne med tanke på permanent freding. Normalt skal eit midlertidig fredingsvedtak opphevast om eit kulturminne i ettertid ikkje lenger er trua, og om kulturminnemyndigheita ikkje vil følgja opp saka med permanent freding. I slike tilfelle vil vedtak om midlertidig freding normalt bli ståande til vedtak om permanent freding er fatta.

Faste kulturminne er minne som er stadbundne og funne i sin opphavlege kontekst. Dette kan vera bygningar, buplassar, gravhaugar eller vegar. Døme på faste kulturminne i Austevoll er lokale bustadar og arkitektur, handelsstadar, sjøbruksmiljø, tekniske og industrielle kulturminne, krigsminne, kyrkjebygg, skule og organisasjonsbygg, samferdsle, gardsanlegg og utmarksverkssemd.

Lause kulturminne er minne som ikkje er funne i si opphavlege kontekst, som kan flyttast på og som tilfeldig vert oppdaga ved funn eller ved utgravingar. Døme på lause kulturminne er mynt frå før 1650, ting (våpen, smykke, inventar m.v.) frå oldtida eller middelalder. Andre lause kulturminne kan vere private eller offentlege samlingar av kulturhistoriske gjenstandar. Det kan vere ulike båt- og fartøytypar, reiskap frå fiskeri og havbruk, eller fotomateriale, skriftleg materiale og kunstgjenstandar av lokalhistorisk verdi.



Immaterielle kulturminne er minne som kan fortelja oss om til dømes tru, tradisjon, handverk, song, musikk og dans. Immaterielle kulturminne eldre enn 1537 er automatisk freda.

SEFRAK-register, Askeladden og Kulturminnesøk er kjelder til kunnskap om kulturminne. SEFRAK-registeret (Sekretariatet For Registrering Av faste Kulturminne i Noreg) er landsdekkande og visar eldre bygg i Noreg, oppført før 1900-talet. Det at ein bygning står lista i SEFRAK gir den ikkje automatisk vern, men indikerar at den kan vera av kulturhistorisk verdi. Kommunen har meldeplikt til overordna myndigheit når det vert søkt om vesentlege endringar eller om løyve til å riva bygningar eller anlegg oppført før 1850. Dette vert styrt av kulturminnelova § 25. Om det skal tillatast endringar eller rivning av bygg eller anlegg oppført i perioden 1850-1900 avgjerast av kommunal myndigheit.

Overordna lovverk og ansvarsdeling

Nasjonale føringar

I Stortingsmelding nr. 16 (2004–2005) «Leve med kulturminna», vert det gjort greie for regjeringa si satsing innan kulturminnepolitikk fram mot 2020. Hovudmålet er å stoppe forfall og tap av verdfulle kulturminne og kulturmiljø. For å nå dette målet er kommunane i større grad nøydd til å ta omsyn til dei kulturminneverdiane som finst i dei enkelte kommunane, særleg ved arealplanlegging.

Stortingsmelding nr. 35 (2012-2013) «Framtid med fotfeste», vidarefører mykje av det som står skrive i Stortingsmelding nr. 16. Målet i stortingsmelding nr. 35 er at kulturminnepolitikken skal forvalta dei kulturhistoriske verdiane på lang sikt som eit kulturelt og miljømessig ressursgrunnlag for morgondagens samfunn.

Nasjonale mål for kulturminne og kulturmiljø er mellom anna:

- Det årlege tapet av verneverdige kulturminne og kulturmiljø skal ikkje overstige 0,5 prosent innan år 2020.
- For automatisk freda arkeologiske kulturminne skal det årlege tapet ikkje overstige 0,5 prosent innan 2020.
- Freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha ordinær vedlikehaldsnivå innan 2020.
- Planlegging i kommunar, fylke og regionar skal medverka til å hindra uønska nedbygging av matjord og ivareta viktige kulturminne.

Følgjande lover er styrande for kulturminne:

- LOV 1978-06-09 nr 50: Lov om kulturminne (kulturminneloven)
- LOV 2007-06-29 nr 89: Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd (kulturlova)



Austevoll kommune

- LOV 2008-06-27 nr 71: Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven)

Regionale føringer

I Regional Kulturplan for Hordaland 2015-2025 "Premiss kultur" framhevast kulturminne som eit særst viktig tema:

"Det er viktig at kulturminne vert tekne omsyn til i lokale prosessar, og alle kommunar har ansvar for å utvikla eigen politikk på feltet. Kunnskapsløftet er eit nasjonalt prosjekt som har som mål å styrkje den lokale kunnskapen om kulturminne. Klima- og miljødepartementet si målsetting er at 90 prosent av kommunane innan 2018 skal ha oversikt og planar for eigne kulturminne. I tråd med dei statlege måla, jf Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, T-1497, vil dette gje kommunane betre høve til å drive kulturminnevern tilpassa lokale forhold, og som er heimla plan- og bygningslova. I tråd med dette har Hordaland fylkeskommune etablert eiga satsing, prosjektet Kulturminneplanar i kommunane 2013-2016 og skal i samråd med kommunane utvikle lokalt handlingsrom på feltet. Målet er at alle kommunar i fylket skal ha ein kulturminneplan innan utgangen av 2016" (<http://www.hordaland.no/regional/kulturplan>)

Lokale føringar

I Austevoll kommune manglar ein lokale føringar og planar for "handtering" av kulturminne. For at ein ikkje skal gløyma historia til Austevoll og austevollingen gjennom tidene så ser me at det er behov for å systematisk registrera kulturminne som viser ulike delar av historia og folk sitt virke her ute i øyriket. Austevoll kommune er i rask endring og det er difor viktig at ein tek seg tid og råd til å sjå seg tilbake. **Der er stort behov for å registrera og dokumentera kulturminner som står i fare for å gå tapt.** Ein god og oversiktleg kulturminneplan som reviderast kvart fjerde år vil verta ein viktig ressurs i det å arbeida med forståinga av vår eigen historie, forvaltning og formidling av lokalhistorisk kunnskap til framtidens generasjonar i Austevoll.

Kulturminneplanen skal innarbeidast i kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel med generelle føresegnar, føremål, omsynssoner med føresegn og retningsliner jfr. Plan- og bygningsloven §§ 11-7, 11-8 og 11-9.

Det er eit mål at planen bidrar til å gjera rutinar knytt til lokal sakshandsaming og forvaltning innan kulturminnefeltet meir heilskapleg, føreseieleg og enklare.

Heilskapstenking gjev grunnlag for verdiskaping

Som leietråd i arbeidet med kulturminneplanen, har ein sagt at kulturminna er ei kjelde til kunnskap, oppleving og identitet. Kulturminne kan og vera ei kjelde til brei verdiskaping. Ein må tenka heilskap og at ein må arbeida med feltet frå fleire vinklingar. God heilskapleg kvalitetstenking omkring kulturminne vil gje ringverknadar. Ein tenkjer då ikkje berre



verdiar som pengar og økonomisk utbytte, men kulturminna som ressursar i samfunnsplanlegging, som identitetsmarkørar for bebuarane, for næringsliv/reiseliv og for regionen og nasjonen

For å skapa grunnlag for ringverknader må ein tenka heilskap, kvalitet og sjå at ulike faktorar som må ligga til grunn for vidare arbeid og suksess på feltet

Dette vert under illustrert av ein modell henta frå Riksantikvarens rapport ”*Kulturarvens samfunnsnytte – verdiskapingsarbeidet 2012-2015*”. Seinare i denne planen tek ein opp igjen denne tenkinga i mål og tiltak for kulturminnevernet i Austevoll i perioden 2016-2020.





Kriterium for verneverdi

Kulturminne er ein ikkje-fornybar ressurs. Dei er autentiske og ein kopi vil aldri kunna erstatta originalen. Kulturminna og kulturmiljøa som finst her i dag, er resultat av gjennomtenkte val som er tekne av folk som var her i fortida. Minna og miljøa må sjåast på som uerstattelege kjelder til kunnskap og oppleving som saman bidrar til å definera samfunnet vårt. Kulturminna er med på å fortelja noko om fortida, notida og framtida for vår kommune Austevoll. Dei kan også bidra til å auka trivsel og kunnskap hos austevollingens samstundes som det kan vera identitetsdefinerande for menneska som er her.

Når ein arbeidar med kulturminne kjem ein til problemstillingar knytt til kva som skal takast vare på og kvifor. Ei fagleg vurdering ut frå visse verdiar og kriterium kan fortelja oss noko om det verneverdige til eit eventuelt kulturminne.

Riksantikvaren opererer med tre overordna verdiar som nyttast for å seia om noko er verneverdig. Kulturminnet bør ha ein eller fleire verdiar knytt til:

- **kunnskapsverdi**
- **bruksverdi**
- **opplevingsverdi**

Vidare har Riksantikvaren laga eit sett med elleve kriterium som nyttast for å gjennomføra ei systematisk vektning og verdisetting:

- **variasjon/homogenitet**
- **pedagogisk verdi**
- **skjønnhet/kunstnerisk verdi**
- **bruksverdi**
- **miljøverdi**
- **historisk kjeldeverdi**
- **aldersverdi**
- **autentisitet**
- **representativt**
- **identitetsverdi**
- **symbolverdi**

Verneverdiane vil variera frå objekt til objekt og etter kor mange av kriteria som er relevante. Dette bør ein drøfta og finna lokale løysingar på i kulturminneplanarbeidet. Det vil vera urealistisk og lite føremålstenleg å ta vare på alle kulturminna. Difor må ein aktivt gå inn for å dokumentera, analysa og gjera eit utval av kva kulturminne som skal utgjera eit representativt utval i Austevoll. Når ein har gjort eit utval vil det i framtida vera enklare å planlegga langsiktig og føreseieleg. Dette må sjåast i samanheng med at kommunen opplever press på sine areal. Kommunen er underlagt rikspolitiske og regionale retningslinjer for planlegging i strandsona.



Austevoll kommune

Dette medfører at ein står overfor det stadig tilbakevendande temaet: korleis verna om kommunen sine naturverdiar, kulturminneverdiar og rekreasjonsverdiar, og samtidig leggja til rette for utvikling?

Det må vera eit mål å bevare eit representativt utval av kulturminne som kastar lys over historia i kommunen frå steinalderen til våre dagar. Kva skal fortelje historia om Austevoll? Kva er spesielt?

Riksantikvaren uttaler at:

«Kulturminnene som bevaras bør gjenspeile både bredde, mangfold og særpreg i kommunens historie. De bør kunne fortelle hvordan naturressurser og økonomi, kultur og næring har påvirket utformingen av bygninger og anlegg, landskap og tettsted. Kulturminner knyttet til historisk viktige personer er også verdifulle»
(www.riksantikvaren.no)

Litt fordypning i kulturminneverdier:

Kunnskapsverdier, representativitet og sjeldenhet: Kulturminner kan være bevaringsverdige både hvis de er sjeldne og hvis de er representative for en stilart, en periode, et sosialt lag eller en funksjon.

Sammenheng og miljø: Å ta vare på sammenhenger gir mer kunnskap, helhetlig forståelse og opplevelse enn bevaring av enkeltelementer. Sammenhengende bygningsmiljøer kan for eksempel gi kunnskap enkeltbygg ikke kan alene.

Autentisitet: Dette begrepet har med opprinnelighet og ekthet å gjøre. Stor autentisitet vil si at bygget/ kulturminnet er lite eller ikke endret og har både originalmaterialer og detaljer.

Opplevelsesverdier: Arkitektonisk, kunstnerisk og håndverksmessig kvalitet gir kulturminnet verdi. Samfunns- eller sosialhistorisk verdi kan være bygg og anlegg som huser offentlige institusjoner, næringsbygg, menigheter, organisasjoner eller sosial boligbygging. Historiske hendelser, symbolske eller identitetsskapende verdier kan være viktige enten lokalt, for enkelte miljøer eller for et helt folk. Konkrete hendelser, personer eller tradisjoner knyttet til et kulturminne eller et mye brukt område. Kulturminnets egenverdi er av stor verdi for trivsel og gode opplevelser.

Bruksverdier: Fysisk tilstand og vedlikehold. Er kulturminnet i en slik tilstand at det kan bevares? Kan en velge mellom likeverdige objekter eller miljøer, er det rimelig å velge det som er best bevart. Økonomi, bruksverdi og økologi. Når en vurderer kulturminner, og – miljøer som bruksressurs, bør også økonomien i å benytte eksisterende bygninger fremfor å bygge nytt vektlegges, samt miljøulempen ved rivning.



Austevoll kommune

DEL 2

LOKALE KULTURMINNE OG HANDLINGSPROGRAM



Samson sine murar på Stolmen. Ein verdi for framtida? Foto: Lena Eikeland Kutschera



Formidling av kulturminne på Kalve.
Foto: Regina N. Vestrheim



Austevoll kyrkje. Eit av fleire signalbygg i kommunen?
Foto: [www. http://austevoll.kyrkja.no/](http://austevoll.kyrkja.no/)



Austevoll kommune

Kapittel 4. Austevollsamfunnet i utvikling frå fortid mot framtid

Førhistorie og mellomalder

Ulike lausfunn i Austevoll vitnar om busettingar som kan daterast 10.000 år attende i tid. Bare på Stolmen er det registrert over 30 plassar med steinalderfunn.

Vidare finn ein i Austevoll gravhaugar frå bronsealder, jernalder og vikingtid. Eit par av vikinggravene vart opna på 1900-talet, deriblant ei kvinnegrav på Taranger på Hundvåkøy i 1910. I denne grava vart det gjort funn av vevskei, sauesaks, sigd, nøkkel, oval bronsespenne, snellehjul, ljåsteinar, vevlodd og reiskapar av kvalbeinrestar.

I tidleg mellomalder veit ein at Austevoll var sentral i kyrkjesamanheng. I stavkyrkjene på Sandtorv og på Møgster har folk hatt ein åndeleg og sosial treffstad. På Bergen museum kan ein sjå alterskåpet frå Sandtorvkyrkja. Dette vert rekna som eit særst godt arbeid innan mellomalder kyrkjekunst. Skåpet vart laga i Nederland i 1510-1520. Frå denne tida finn ein fleire spor etter folk og verksemd i Austevoll. På Sunnhordland Museum finn me «Stolmastova». Dette er ei årestove som har stått i klyngetunet på Våge på Stolmen. I Stolmavågen vart i denne tida drive handel og utrusting av skip. På 1600-tallet visar kjelder at det var handel og gjestgjevarveksemd i Kvalvågen på Stolmen.

Folk flest levde nok eit tradisjonelt liv med verksemd knytt til jordbruk og fiskeri. På Hufthamartunet kan ein leva seg inn i 1600-talet sitt levesett. Her kan folk ha sete rundt eldstaden i «gamlestova» som framleis står i tunet. Stova vert kalla ei årestove og fortel oss om utvikling innan buform og eldstadutvikling dei siste 400 år.

Ut over 1600-tallet vaks det fram mange handel- og gjestgjevarstader. Me kjenner dei den dag i dag som Bekkjarvik, Bakholmen, Bakkasund, Krosshamn osv.

I Kulturhistorisk veibok for Hordaland (1993) kan ein lesa at det skjer mykje på kyrkjefronten i desse åra. I 1635 reiv dei kyrkja på Sandtorv og bytta kyrkjestad til Hundvåkøy. Delar av gamlekyrkja vart brukt i den nye, men ein skal visstnok framleis finne rester etter stavkyrkja i løer på Hundvåkøy. På Møgster vart det ny tømmerkyrkje i 1686.



"Baggaholm", dagens Bakholmen vart teikna inn på kartet Carta Marina» av Olaus Magnus i 1572. Ei antar at det var ein viktig stoppestad langs leia Kjelde: www.digitaltmuseum.no Opphavsrett: Digitalt fortalt



Austevoll kommune

Mot industrialisering

På lokalhistoriewiki kan ein lesa at det i 1701 er registrert 375 mannspersonar i øyriket. I 1769 er folketalet 1265 personar, i 1801 1592 personar og i 1890 er folketalet kome opp i 2870 personar (www.lokalhistoriewiki.no). I løpet av 1700 og 1800 talet veks folketal, handelsverksemd, skule og organisasjonsliv side om side. Austevollingen driv handel, dei driv brugdefangst, dei losar og dei fiskar når silda kjem inn til kysten, dei driv heimejorda og utmarka. Om kveldane og i fristundene var det tid for karding, spinning, veving og sying. Alt hushaldet hadde trong for måtte lagast eller bytta til seg.

Verksemd på sjøen og aukande krav til tryggleik utover 1800-tallet resulterte mellom anna i fyrstasjonar på Økshamaren og Pirholmen i 1849 og Marsteinen fyrstasjon i 1877.

I 1849 bryt det ut ein kolera epidemi under sørafisket etter sild. Eit av minna etter denne grufulle hendinga finn me på Kalve. Framleis går den under nemninga «kolerakyrkjegarden» på Store Kalsøy. 1800-talet er tida det blei etablert skulestover, postopneri og ein fekk rutebåtar som frakta gods og folk sør og nord for øyane. Ein får nye kyrkjer på Storebø og Stolmen. På Kalve spring smågutane frå 1890 opp «skipmannstegen» til loshytta for å speide etter fartøy som kunne ha bruk for los. Fram mot 1900-talet utvikla fiskeriet seg med at ein prøver seg på nye fiskefelt, – Islandsfiske. Det vert og tatt i bruk nye typar reiskap. I 1894 deltok ein seglkutter frå Møkster truleg som første Austevolls båt på makrelldorgefisket i Nordsjøen. I 1903 prøvar ein ut den nota som skulle bli viktig for 1900 og 2000 talet sitt havbaserte industrielle fiskeri. Frå skepsis til ei nyvinning frå Amerika snur trua, og etter kvart vart snurpenota ein faktor for suksess og vidareutvikling i Austevoll.



Skipmannsstegen ved loshytta på Kalve

Sidan 1900

I 1902 stod det første ungdomshuset i kommunen ferdig på Stolmen. I 1911 og 1912 starta Stolmen og Selbjørn Fiskeriforening. Etter kvart får kommunen eit mangfald av foreiningar innan målsak, fiskarkvinnelag, husmorlag, fiskarlag og kristlege foreiningar.



Austevoll kommune

Både 1. og 2. verdenskrig prega Austevollsamfunnet. Austevollingar var med i krigshandlingar, og særleg under 2.verdskrigen var fleire aktive i motstandsarbeidet. På Møkster står huset etter «handelsmannen» Abelone Møgster (1883-1974). Ho vart arrestert 25. juni 1942 og sendt til Tyskland for motstandsarbeid på Møkster. Ho er berre eitt døme på aktiviteten under siste krigen. Fysiske minne etter denne krigen finn me framleis på Stolmen og på Marsteinen fyrstasjon.

I åra 1958-1970 vart i følge lokalhistoriewiki dei fleste småbruka i kommunen lagt ned og kombinasjonen småbruk-fiske var med nokre få unntak borte (www.lokalhistoriewiki.no).

Dette fortel oss at andre næringar blir viktigare, utdanning til andre yrke tar over og at fiskeflåten er i ferd med å effektiviserast. I åra etter 1960 kjem det nye reiarlag, det kjøpast nye fiskebåtar, det startast mekanisk verkstad og notverkstad i kommunen. Båtane får etterkvart kraftblokk og går over til den moderne ringnota. I 1964 er austevollbåtar med påringsnotfiske etter sild og makrell i Nordsjøen. I 1975 får Austevoll sin første fabrikksturpar «Møksterfjord» som visstnok var den første i landet av dette slaget.

Vegutbygging og privatbilar gjer sitt inntog utover 1960-talet og kommunen får eigne bilverkstadar.

På slutten av 1970-talet etablerar Havforskningsinstituttet Austevoll Havbruksstasjon og like i nærleiken kjem Fiskarfagskulen i Austevoll (i dag Austevoll vidaregåande skule).

Det vert i desse åra større fokus på ei næring som etterkvart skal blir ei sers viktig næringsgrein – oppdrett av laks.

Samstundes som det skjer ei stor og rivande utvikling innan fiskeri og havbruk, startar ein opp arbeidet med bygdebok for Austevoll (Tufteland, Johan (red.): Austevoll gard og ætt I. Møkster sokn. Utgjevar: Austevoll herad (1978)). Fleire vender blikket attende til fortida og i 1979 startar Huftarøy husflidslag sitt arbeid. Dei gjorde og gjer framleis eit godt arbeid for å dokumentera lokal folkedrakt- og handverkstradisjon og halda kunnskapen levande for nye generasjonar.

Ved årsskiftet 2015 passerte folketalet i Austevoll 5000 personar. Skal ein samanfatta historia til Austevollingen lever kommunen framleis av fiskeri, oppdrett og i seinare år ein viktig supplyflåte. I kjølvatnet av dei nemnde verksemdene har kommunen mange bedrifter som driv med innovativ næring knytt opp mot det eksisterande, men og næringar som går nye vegar. Me går ei spanande framtid i møte. Korleis vil framtida bli? Det gjenstår å sjå.....

Kapittel 5. Omtale av kulturminna i kommunen

Fornminne/Automatisk freda kulturminne

Av automatisk freda kulturminne frå tida før 1537 er 138 fornminne registrert i Austevoll. Minna er registrerte i kart og databasane www.askeladden.no og www.kulturminnesok.no. Dette er eit godt og oppdatert materiale som gir gode opplysningar om arkeologiske funn knytt til Austevoll. Materialet visar restar av busetting, åkrar, dyrkingsspor, båtstøer, gravhaugar og andre gravminne. Det er gjort ei rekke lausfunn som er registrerte og oppbevarte på Historisk Museum i Bergen.



Kulturminnelova § 14. omhandlar skipsfunn. Staten skal ha eigedomsretten til meir enn hundre år gamle båtar, skipsskrog, tilbehør, last og anna som har vore frå eller delar av slike ting når det synest klart etter forholda at det ikkje lenger er rimeleg moglegheit for å finna ut om det er ein eigar eller kven som er eigar. Rundt Austevoll er det registrert 15 slike funn (des.2015). Fleire av desse er automatisk freda, andre har ein uavklart status


Forvaltningsmyndigheit over kulturminne frå før reformasjonen er lagt til Historisk museum/Bergen Museum, Hordaland fylkeskommune, medan Riksantikvaren har det overordna ansvaret. Kommunen har likevel ansvar for at det blir tatt omsyn til fornminnene. Kommunen skal bidra til skjøtsel og formidling av fornminne. Alle innbyggjarane har også eit ansvar. Det er viktig å ta omsyn ved utbygging og ferdsel i fornminneområder. Dersom det vert oppdaga skade eller hærverk på eller ved fornminna er det viktig å kontakta kulturavdelingen i fylkeskommunen.

Blir det gjort funn som kan tenkast å vera eit fornminne er det plikt om å melda frå til same myndigheit.

Hordaland fylkeskommune har i rapporten «*Bevaringsprogram for arkeologiske kulturminne (BARK)*» gjort eit prioritert utval av arkeologisk kulturminne som får eit fokus knytt til tilrettelegging og formidling. For Austevoll sin del gjeld dette:

- Gravrøyser Kongsen på Selbjørn
- Steinalderbuplassar Drivenes på Selbjørn
- Gravrøys Eidsbøen på Hufterøy
- Gravrøys Storebø på Hufterøy
- Gravrøys Kolhaugen Bekkjarviksundet på Hufterøy

Dei prioriterte kulturminna er teken med og vidare omtala i handlingsplan for kulturminner i Austevoll. I tillegg har ein lagt til gravrøysa på Aratuå/Grønestølen på Hufthamar. Dette fornminnet har ein viktig pedagogisk verdi for Storebø skule, god plassering nær riksvegen og bygdetunet Hufthamartunet.



På www.kulturminnesok.no, www.askeladden.no og www.miljoatlas.no finn ein kartfesta registrerte kulturminne i Austevoll. Her er kulturminnekart henta frå www.miljoatlas.no

Eksempel på faste og lause fornminne frå/i Austevoll



Gravminne frå bronsealder ved Selbjørn bru



Ein skuledag i bronsealder



Bolle frå Valhammar
Foto: www.unimus.no Historisk museum UIB



Restar av bygdeborg på Møgster
Foto: www.unimus.no Historisk museum UIB



Grev frå Veivågen Foto: www.unimus.no Historisk museum UIB



Kvinnereidskap frå Taranger
Foto: www.unimus.no Historisk museum UIB



Spinneshjul frå Vik
Foto: www.unimus.no Historisk museum UIB



Funn frå heilagstaden på Eidsbøen
Foto: www.digitalmuseum.no



Båtstamnar frå funn i myr på Haukanes
Foto: www.unimus.no Historisk museum UIB



Ein skuledag i jernalder ved Aratuå/Grønestølen på Hufthamar



Nyare tids kulturminne – Yngre enn 1536

Resultat av «innsamlinga» november/desember 2015

I samband med kulturminneplanen vart det gjennom lokalavisa Marsteinen, på sosiale medier og gjennom planarbeidet si ressursgruppe etterlyst forslag til lokale kulturminne som ein ville ha med i ein kulturminneplan. I løpet av november og desember 2015 fekk ein inn ca. 50 forslag og tips om faste og lause kulturminne. Tips og forslag blei for det meste gitt munnleg med melding om at dette burde vera med i kulturminneplanen. Grunngevinga for forslaget var av privat, lokal, regional og nasjonal karakter. Forslagsgivaren la vekt på ulike kulturminneverdiar, som alder, særpreg, historisk kjeldeverdi, pedagogisk verdi osv. Av tidsmessige årsaker vart ingen av kulturminna oppmålt og/eller kulturminneregistrert på anna vis. Dette arbeidet kjem fram som eit av forslaga i handlingsplanen og er ei særskilt viktig oppfølging av kulturminneplanen. Alle dei konkrete forslaga er å finna som vedlegg til denne planen. Som vedlegg finn ein og ei liste over registrerte fornminne i Austevoll

Hovudvekta av forslaga som kom inn er knytt til faste kulturminne frå etterreformatorisk og nyare tid .

Desse var:

- Kyrkjer, kyrkjebygg og gravplassar
- Kulturmiljø i kystkulturen sitt kulturlandskap (Handelsstader, tettstader, sjøhusmiljø)
- Kulturmiljø i landbruket sitt kulturlandskap (Gardsanlegg, utmarksverksemd)
- Næring, tekniske/industrielle kulturminne og vassdrag
- Samfunnsinstitusjonar (offentlige bygg, organisasjonsliv og skulebygg)
- Forsvar og krigsminne
- Bustadar og arkitektur (historisk utvikling innan lokal arkitektur)

Når det gjaldt lause kulturminne frå etterreformatorisk og nyare tid. Fekk ein inn forslag knytt til:

- Private og offentlege samlingar av kulturhistoriske gjenstandar
- Båt og fartøy
- Reiskap frå fiskeri og anna verksemd
- Foto og skriftleg materiale
- «Lokal kunst»




Austevoll kommune

Av immaterielle kulturminne fekk ein inn forslag på dokumentasjon, vern og formidling av lokalt:

- Handverk
- Tradisjon og segner
- Song, musikk og dans

Eksempel på nyare tids kulturminne i Austevoll









Dokumentasjon og registrering av kulturminne – ei utfordring

Eit heilskapleg skriftleg kunnskapstilfang omkring nyare tids kulturminne i Austevoll må vel kunna seiast å vera avgrensa. I Austevoll vart det gjort eit SEFRAK-arbeid på delar av Selbjørn i 1991. Det vart den gongen registrert om lag 280 objekt av ymse slag. Bygningsmassen på Hufthamartunet blei oppmålt og tilstandsvurdert i 2012. Registrering av bygningsmasse og historisk dokumentasjon av 5 handels- og gjestgjevarstadar vart arbeid med av fylkeskonservator i Hordaland m.fl i 1973. Verneverdige sjøbruksmiljø vart registrert i 1989. Dette materialet omtaler 24 område i Austevoll.

I seinare tid er det gjort en del landsomfattande registreringar mellom anna av kyrkjer, kyrkjegardar, gravsteinar osv. Dette inkluderer og Austevoll. Våre lokale kyrkjebygg er fotografert og skildra, men ikkje målt opp etter antikvariske retningslinjer. Gravsteiner og minnestøtter vart registrert som del av eit landsomfattande registreringsarbeid. Ein kan her visa til www.kirkesok.no www.disnorge.no/gravminner.

Av lokalt kulturhistoriske gjenstandsmateriale var det ein gjennomgang og registrering av nokre av gjenstandane på Hufthamartunet i 1996.

Mange stadnamn er samla inn og kartfesta i fleire omgangar i Austevoll. Dette er eit rikt historisk materiale som no vert nytta i samband med skilting av vegar og stadar i Austevoll. Materialet er å finna på <http://kartverket.no/Kart/Stedsnavn/>, <http://clu.uni.no/stadnamn/cgi-bin/lydkart/stadnamn-kart-lyd.py> og <http://www.bergensregionkart.no/>

Alt materialet er godt for si tid, og gir gode opplysningar om enkelte objekt og kulturmiljø.

Utfordringa er at mykje av materialet er gammalt. Det knyt seg i dag usikkerhet til om bygningar og miljøa eksisterer eller er i den forfatning som det var i den gong det vart registrert. For å få kunnskap om kulturminne og kulturmiljø til formidling, kommunal planlegging og anna bruk bør ein prioritera nye registreringar knytt til kulturhistoriske tema og/eller kulturmiljø og område.



Kapittel 6. Handling og tiltak

Kva skal me prioritera 2016 -2020?

Hovudmålet med kommunedelplan for kulturminne er å styrke kulturminnevernet i Austevoll. Gjennom planarbeidet ser ein at det vert avdekka ein del utfordringar som ein nå arbeida vidare med for å oppnå hovudmål og delmål.

I kommande 4-års periode/planperioden må ein difor ha fokus på følgjande mål og prioriterte område:

1. **Auka kunnskapen om kulturminna i kommunen**
2. **Sikra dokumentasjon og verdisetting av dei ulike kulturminnetema i kommunen.**
3. **Sikra god kommunal forvaltning av kulturminna med verneverdi**
4. **Styrkja kulturminna si rolle som ressurs for utvikling av lokalsamfunnet**
5. **Fremja arbeidet med å formidla kunnskapen om lokale kulturminne**

Mål og tiltak i planperioden 2016 - 2020

Mål:	<p>1.Auka kunnskapen om kulturminna i kommunen</p> <p>2.Sikra dokumentasjon og verdisetting av dei ulike kulturminnetema i kommunen.</p>
Tiltak:	Registrering, verdisetting og plan for sikring av eit utval av nyare tids kulturminne:
	Registrering, verdisetting og plan for sikring av kyrkjer, ”kyrkjegods”, kyrkjegardar, gravsteinar og kulturmiljø
	Registrering, verdisetting og plan for sikring av verneverdig lokal arkitektur.
	Registrering, verdisetting og plan for sikring av verneverdige lokale sjøbruksmiljø
	Registrering, verdisetting og plan for sikring av verneverdig lokale handels og gjestgjevarstader
	Registrering, verdisetting og plan for sikring av tidligare skulehus og skulegardar.
	Registrering og skjødselsplan for et utval av fornminne
	Utarbeida plan for registrering, bevaring og formidling av private samlingar

	av kulturhistorisk materiale
	Skaffa oversikt over offentlege og private samlingar/dokument i andre interkommunale regionale og nasjonale arkiv
Mål:	3.Sikra god kommunal forvaltning av kulturminna med verneverdi
Tiltak:	Sørgja for ansvarleggjering og oppfølging av kulturminneplanen gjennom etablering av stillingsressurs innan kulturfeltet, om enn delstilling. Gjerne knytt til prosjekt.
	Etablera gode rutinar for lokal sakshandsaming innan kulturminnefeltet
	Sikra Hufthamartunet gjennom eigen verneplan og bruksplan
	Kulturminnefagleg oppfølging av eigarar av og handverkarar som jobbar med verneverdige kulturminne
	Oppretta lokal støtteordning til eigarar av verneverdig kulturminne
	Plan for bevaring av lause kulturminne/lokalhistorisk materiale i kommunen
Mål:	4.Styrkja kulturminna si rolle som ressurs for utvikling av lokalsamfunnet
Tiltak:	Oppretta lokal byggeskikkpris
	Utarbeida ulikt lokalhistorisk pedagogisk materiale til bruk i skulen
	Oppfølging og utvikling av lokale verdiskapingsprosjekt basert ”kulturbasert næringsutvikling”
	Samarbeid med andre (regionalt/nasjonalt/internasjonalt) for å skapa nye kulturminneverdiar lokalt
Mål:	5.Fremja arbeidet med å formidla kunnskapen om lokale kulturminne
Tiltak:	Kartfesta og leggja inn kulturminnedata på www.asketadden.no og www.kulturminnesok.no
	Skilting av og tilgjengelegheit til kulturminne
	Innsamling av gamle foto frå Austevoll
	Igangsetting av intervjuprosjektet ”Kvardagsliv i Austevoll før og under krigen”
	Igangsetting av forprosjektet ”Nytt historieverk for Austevoll”

Kven har ansvar, og korleis komma i gang med gjennomføring av tiltak i 2017?

Hordaland Fylkeskommune v/ Utval for kultur, idrett og regional utvikling handsama kommunedelplan for kulturminne 2017 -2028 for Austevoll kommune den 14.09.2016 (sjå vedlegg1). Dei påpeiker i vedtaket punkt 4 og 5 at:

«4. Handlingsplanen har gode tiltak som svarer på aktuelle utfordringer i Austevoll. Tiltak i handlingsplanen bør konkretiserast med kven som har ansvar for oppfølging, kostnad, finansiering, framdrift og samarbeidspartnarar.

5. Kommunen bør prioritere gjennomføring av handlingsplanen, setje av egne budsjettmidlar, utvikle lokale tilskotsordningar og satse på kulturminnefagleg rådgjeving for private eigarar og lokale handverkarar»

Fylkesutvalet understreker at ein ser kvar skoen trykkjer i Austevoll og at ein må vera villig til å sjå kulturminnearbeidet som eit politisk prioritert område for kommunen. Det er mykje å ta fatt i og spørsmålet er kva ein skal prioritera fyrst. Gjennom arbeidet med kulturminneplanen ser ein at for **budsjettåret 2017** bør det prioriterast følgjande :

- 1. Oppfølging av kulturminneplanen gjennom stillingsressurs/prosjektstilling. Målet må vera å få i gang systematisk kulturminneinnsamling, forvaltning av kulturminne og innhenting av midlar til vidare drift av nye kulturminneprosjekt.**
- 2. Setja i gong eit konkret prosjekt der ein i samarbeid med lokale lag og organisasjonar registrerer og dokumenterer kulturmiljøet i og omkring handels og gjestgjevarstader og «viktig» lokal arkitektur knytt til kystkulturen. Målet er å samla informasjon om kulturminna, verdisetja, formidla, forvalta og gje kulturminnefagleg rådgjeving innan rehabilitering og restaurering.**
- 3. Sikra og formidla antikvariske verdiar på Hufthamartunet gjennom arbeid med eigen verneplan og bruksplan**
- 4. Sikra og formidla kunnskap om fornminne gjennom lokal skjødselsplan for et utval av fornminne i kommunen.**

Kostnadar til vidareføring av kulturminneplanen/kulturminnearbeid for budsjettåret 2017 kan vere sånn:

50 % kulturminnefagleg stillingsressurs 2017.....kr. 350.000,-

Driftskostnadar

(fotoapparat, skannar, data, anna nødvendig utstyr).....kr. 50.000,-

Samla kostnad 2017.....kr. 400.000,-



Austevoll kommune

Kjelder/litteraturliste

www.Askeladden.no

www.Kulturminnesok.no

www.Kirkesok.no

www.disnorge.no/gravminner

[www.lokalhistoriewiki.no/index.php/Årstalsliste for Austevoll](http://www.lokalhistoriewiki.no/index.php/Årstalsliste_for_Austevoll)

www.miljoatlas.no

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1978-06-09-50> (lov om kulturminne)

Stadnamn: <http://kartverket.no/Kart/Stedsnavn/>

<http://clu.uni.no/stadnamn/cgi-bin/lydkart/stadnamn-kart-lyd.py>

Austevoll kommune: Føresegner og retningslinjer til arealdelen i kommuneplanen for Austevoll 2012 – 2023

Austevoll kommune: SEFRAK-registrering/Registrering av faste kulturminne på deler av Selbjørn i Austevoll (1991)

Austevoll kommune: Hufthamartunet Gjenstandsregistrering 1996

Brekke, Nils Georg (red.): Kulturhistorisk Vegbok for Hordaland. Utgjevar: Hordaland Fylkeskommune/Nord 4/Vestkyst . Bergen 1993

Dyngvold, Finn og Trond Hagenes: *Eit lite øysamfunn i Den store krigen 1939-45*. Austevoll forlag AS. Storebø 2015

Hordaland Fylkeskommune v /Fylkeskonservatoren « Verneverdig sjøbruksmiljø» (1989)

Hordaland Fylkeskommune v /Fylkeskonservatoren «Gamle Handels-og gjestgiversteder på Vestlandet – Del 1 Ytre Hordaland» (1973)

Hordaland fylkeskommune Bevaringsprogram for arkeologiske kulturminne (BARK)

Riksantikvaren: Veileder. Konsekvensutredning av kommuneplanens arealdel for tema kulturminner og kulturmiljø (2014)

Riksantikvaren: Rapport. Kulturarvens samfunnsnytte – verdiskapingsarbeidet 2012-2015

Samarbeidsrådet for Sunnhordland: Strandsoneplan Sunnhordland. Delrapport kulturminner (2015-02-02)

Tufteland, Johan (red.): Austevoll gard og ætt I. Møkster sokn. Utgjevar: Austevoll herad (1978)

Tufteland, Johan (red.): Austevoll kultursoge I. Utgjevar: Austevoll kommune (1986)

Del 3- Vedlegg/Kulturminnedel

Vedlegg 1

KULTURMINNE I AUSTEVOLL OVERSYN PR DESEMBER 2015

Dette er eit objektoversyn etter **innsamling av forslag til viktige kulturminne for Austevollingen. Innsamlinga gjekk føre seg i november og desember 2015**. I samband med kulturminneplanarbeidet gjekk ein ut og ba om forslag til tema og konkrete kulturminne som burde få ein plass i kulturminneplanen. Her er eit oversyn over det som kom inn av forslag.

I nokre tilfelle viser ein til kjeder der ein veit at kulturminnet er registrert. Nokre av minna vart meldt inn med verdifull historisk informasjon. Dette er tatt med i eige kolonne. Ut frå forslag til kulturminne har ein lagt ein prioritering og tiltaksplan for kommande planperioden 2016- 2020 (sjå side 30 og 31)

Minna er lagt inn i følgjande oppsett:

- **Fornminne/Automatisk freda kulturminne:**
 - Spor etter vår eldste historie i landskapet
 - Lause kulturminne

- **Nyare tids kulturminne:**

Faste kulturminne frå etterreformatorisk og nyare tid:

 - Kyrkjer, kyrkjebygg og gravplassar
 - Kulturmiljø i kystkulturen sitt kulturlandskap (Handelsstader, tettstader, sjøhusmiljø)
 - Kulturmiljø i landbruket sitt kulturlandskap (Gardsanlegg, utmarksverksemd)
 - Samferdsle
 - Næring, tekniske/ industrielle kulturminne og vassdrag
 - Samfunnsinstitusjonar (offentlige bygg, organisasjonsliv og skulebygg)
 - Forsvar og krigsminne
 - Ferie og fritid
 - Bustadar og arkitektur (historisk utvikling innan lokal arkitektur)
 - Parkar og hagar

- **Lause kulturminne frå etterreformatorisk og nyare tid:**
 - Private og offentlege samlingar av kulturhistoriske gjenstandar
 - Båt og fartøy
 - Reiskap frå fiskeri og anna verksemd
 - Foto og skriftleg materiale
 - Kunst

- **Immaterielle kulturminne:**
 - Handverk
 - Tradisjon og segner
 - Song, musikk og dans

Vedlegg 2

Fornminne/Automatisk freda kulturminne

Stad	Kulturminnetype	Vernestatus Pr. 2016	Lokalitets ID:	Art:
Storebø - Prestaneset	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok.1	Bosetning-aktivitetsområde
Storebø - Bjånes	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok.5	Bosetning-aktivitetsområde
Storebø - Prestaneset	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok. 2	Bosetning-aktivitetsområde
Storebø - Bjånes	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok.2 117522	Bosetning-aktivitetsområde
Møkster - Heggevik	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok.1 133635	Bosetning-aktivitetsområde
Bakkasund	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok. 1 138556	Bosetning-aktivitetsområde
Møkster - Gravrøys (2009)	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	133624	Gravminne/Gravrøys
Lunnøy	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Fetts fk 1 16069	Steinbrudd
Møkster - Borgeledhaugen	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Fetts fk. 1, 111682	Forsvarsanlegg
Hundvåkøy - Makkhamn	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok. 1 138904	Bosetning-aktivitetsområde
Drivenes	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok. 3 145498	Bosetning-aktivitetsområde
Drivenes	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok. 2 145497	Bosetning-aktivitetsområde
Møkster - Gravrøys (2009)	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	133630	Gravminne
Drivenes	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lokalitet 5 147054	Bosetning-aktivitetsområde
Bakkasund	Arkeologisk minne	Uavklart	143649	Havneområde
Drivenes	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok. 4 147053	Bosetning-aktivitetsområde
Storebø- Bjånes	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	149305	Bosetning-aktivitetsområde
Bakkasund	Arkeologisk minne	Ikke fredet	143648	Havneområde Bolt 7-10
Bekkjarvik handelssted	Arkeologisk minne	Automatisk fredet Fjernet	128568	Havneområde
Austevoll	Arkeologisk minne	Ikke fredet	143650	Brønn/kilde/vannpost
Møkster - Nausttuft (2007)	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	111683	Båttstø-anlegg - Nausttuft
Storebø - Raunhaug	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	97418	Rituell-kultisk lokalitet - Depot
Bakkasund	Arkeologisk minne	Ikkje fredet	143646	Havneområde Bolt 1
Bakkasund	Arkeologisk minne	Ikkje fredet	143647	Havneområde Bolt 4

Austre Bakholmen	Arkeologisk minne	Uavklart	145190	Havneområde
Møkster - Skattneset	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Fetts fk. 3/1-4, 25766	Gravfelt
Møkster	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Fetts fk. 5 25767	Dyrkingsspor
Møkster	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Fetts fk. 2, 6690	Gravminne
Bakka - Bakkavågen	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok. 3 36148	Bosetning-aktivitetsområde
Bakka - Steinnesvik	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Bakka - Lok. 2 36147	Bosetning-aktivitetsområde
Uglenes - Kolhaugen	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Fetts fk. 1, 25768	Gravminne
Drivenes - Steinruo	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Fetts fk. 2, 45731	Gravminne
Bakka - Steinnesvika	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Fetts fk. 1/1-2, 45729	Gravfelt
Storebø - Byrkjeland	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Fetts fk. 1 45730	Gravminne
Bakka - Steinnesvik	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok 1 6685	Gravminne
Drivenes - Kongsafjellet	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Fetts fk. 3, 6686	Gravminne
Drivenes - Kongsafjellet	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Fetts fk. 1, 6687	Gravminne
Lunnøy	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Fetts fk. 2 45732	Steinbrudd
Storekalsøy -Kalve	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Fetts fk. 3 55433	Bosetning-aktivitetsområde
Hufthamar - Aratuvo	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Fetts fk. 1, 55432	Gravminne
Storebø - Eidsbøen	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	55434	Gravminne
Storekalsøy- Kalve	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Fetts fk. 2/2 6689	Gravminne
Storekalsøy - Kalve - Klungeren	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Fetts fk. 1, 6688	Gravminne
Storebø - Eidsbøen	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Fetts fk. 1/3, 60459	Gravminne
Storebø	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Fetts fk. 4/1-2 6692	Gravfelt
Hundvåkøy - Økland	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok. 3 66702	Bosetning-aktivitetsområde
Storekalsøy - Kalve	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Fetts fk. 2/1 66701	Gravminne
Drivenes - Svartevarden	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Fetts fk. 4, 66700	Gravminne
Storebø	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Fetts fk. 2 6693	Gravminne

Skår - Leirpollen	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok. 1, 91327	Bosetning-aktivitetsområde
Stolmen -Kvalvåg	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok. 1 97226	Bosetning-aktivitetsområde
Storebø - Haugland	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok. 5 97199	Bosetning-aktivitetsområde
Storebø - Haugland	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok. 3 97197	Bosetning-aktivitetsområde
Stolmen - Kvalvåg	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok. 9 97231	Bosetning-aktivitetsområde
Haukanes	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok. 5 (2001) 97719	Bosetning-aktivitetsområde
Bakholmen	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok. 7 97201	Bosetning-aktivitetsområde
Stolmen - Stangeland	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok. 18 97235	Bosetning-aktivitetsområde
Rabben	Arkeologisk minne	Automatisk fredet FJERNET	Lok. 1 (2002) 97728	Bosetning-aktivitetsområde
Stolmen- Kvalvåg	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok. 7 97229	Bosetning-aktivitetsområde
Stolmen - Våge	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok. 15 97414	Bosetning-aktivitetsområde
Drivenes - Fagerbakkevatnet	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok. Fagerbakkevatnet 97416	Bosetning-aktivitetsområde
Storebø - Haukanes	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok. 2 (2001) 97716	Bosetning-aktivitetsområde
Drivenes - Vadlandståa	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	97630	Gravminne
Storebø - Haugland	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok. 1 97195	Bosetning-aktivitetsområde
Hevrøy	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok. 3 (1981) 97234	Bosetning-aktivitetsområde
Storebø - Haukanes	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok. 6 (2001) 97720	Bosetning-aktivitetsområde
Austevoll	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok. 11 97206	Bosetning-aktivitetsområde
Storebø – Storebøvågen	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	97224	Bosetning-aktivitetsområde
Storebø	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	97714	Gravhaug (2002) Gravminne
Stolmen - Kvalvåg	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok. 13 97233	Bosetning-aktivitetsområde
Bakholmen	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok. 10	Bosetning-aktivitetsområde

			97204	
Stolmen - Våge	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok. 17 97289	Bosetning-aktivitetsområde
Storebø - Haukanes - , Ivarsmyrane	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Fetts fk. 1, 97417	Funnsted
Storebø - Haukanes	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok. 4 (2001) 97718	Bosetning-aktivitetsområde
Bakholmen	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok. 8 97202	Bosetning-aktivitetsområde
Stolmen- Kvalvåg	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok. 4 97227	Bosetning-aktivitetsområde
Bekkjarvik	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok. 1 (2002) 97713	Bosetning-aktivitetsområde
Storebø - Haugland	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok. 2 97196	Bosetning-aktivitetsområde
Stolmen- Kvalvåg	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok. 8 97230	Bosetning-aktivitetsområde
Storebø - Haukanes	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok. 1 (2001) 97715	Bosetning-aktivitetsområde
Storebø - Eidsbøen	Arkeologisk minne	Automatisk fredet FJERNET	Fetts fk. 1/1, 100687	Gravminne
Uglenes	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	97629	Gravrøys Gravminne
Storebø - Haugland - Storholmen	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok. 6, 97200	Bosetning-aktivitetsområde
Stolmen - Stangeland	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok. 21 97236	Bosetning-aktivitetsområde
Hevrøy - Hevrøymarka	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok. 1, Hevrøymarka 94661	Bosetning-aktivitetsområde
Bakkholmen	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok. 9 97203	Bosetning-aktivitetsområde
Økland	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok. 1 97210	Bosetning-aktivitetsområde
Bakka	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok. Spissøy 1 99918	Bosetning-aktivitetsområde
Kleppsvik	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok. Spissøy 2 99962	Bosetning-aktivitetsområde
Stolmen - Kvalvåg	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok. 5 97228	Bosetning-aktivitetsområde
Storebø - Haukanes	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok. 7 (2001) 97721	Bosetning-aktivitetsområde
Stolmen - Kvalvåg	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok. 12 97232	Bosetning-aktivitetsområde
Storebø- Haukanes	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok. 3 (2001) 97717	Bosetning-aktivitetsområde
Veivåg	Arkeologisk minne	Uavklart	97419	Steinalderlok. Bosetning- aktivitetsområde
Stolmen - Stangeland	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	97415	Gammel åker Dyrkingsspor

Storebø - Haugland	Arkeologisk minne	Uavklart	Lok. 4 97198	Bosetning-aktivitetsområde
Uglenes - Stonganeset	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	97628	Langrøys, Gravminne
Storebø - Eidsbøen	Arkeologisk minne	Automatisk fredet FJERNET	Fetts fk. 1/2, 100689	Gravminne
Blænes - Slettebakken	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Fetts NB, 16068	Gravminne
Nautøy	Arkeologisk minne	IKKE fredet	Lok. 1 6691	Bosetning-aktivitetsområde
Storebø - Bjånes	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok. 3 117523	Bosetning-aktivitetsområde
Storebø - Bjånes-	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok. 1 117519	Bosetning-aktivitetsområde
Bekkjarviksund	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lokalitet 2 Bekkjarviksund 160856	Bosetning-aktivitetsområde
Bekkjarviksund	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lokalitet 1 Bekkjarviksund 160853	Bosetning-aktivitetsområde
Stolmen - Kvalvåg	Arkeologisk minne	UAVKLART	172929	Bosetning-aktivitetsområde
Stolmen - Mølna	Arkeologisk minne	UAVKLART	172930	Bosetning-aktivitetsområde
Steinalderlokalitet	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	212603	Steinalderlokalitet Bosetning-aktivitetsområde
Gravrøys	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	212602	Gravrøys Gravminne
Storebø - Austre Storebøvågen	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok 1 215303	Bosetning-aktivitetsområde
Storebø - Austre Storebøvågen	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok 2 215304	Bosetning-aktivitetsområde
Storebø - Austre Storebøvågen	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	Lok 3 215305	Bosetning-aktivitetsområde

2.1: Funn under vann – sikret av lov om kulturminne

§ 14.Skipsfunn. Staten skal ha eiendomsretten til mer enn hundre år gamle båter, skipsskrog, tilbehør, last og annet som har vært ombord eller deler av slike ting når det synes klart etter forholdene at det ikke lenger er rimelig mulighet for å finne ut om det er noen eier eller hvem som er eier. ([www.lov](http://www.lov.no) om kulturminner.no)

Kjelde: www.kulturminnesok.no/www.askeladden.no

Navn	Kulturminnetype	Vernestatus Pr. 2016	Lokalitets ID:	Art:
Arnvid	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	140919	Skipsfunn
Marsteinboen	Arkeologisk minne	Uavklart	122699	Skipsfunn
Ivarsflua	Arkeologisk minne	Ikke fredet	131799	Skipsfunn
Akenside	Arkeologisk minne	Ikke fredet	139704	Skipsfunn
Borgny	Arkeologisk minne	Ikke fredet	139702	Skipsfunn
Norcap	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	140906	Skipsfunn
D/S Delamore	Arkeologisk minne	Uavklart	124874	Skipsfunn
Hilko	Arkeologisk minne	Uavklart	139703	Skipsfunn
D/S Kong Olaf	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	89155	Skipsfunn
D/s Siggen	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	89120	Skipsfunn
Kornesteinsvika	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	89121	Skipsfunn
Skorøy	Arkeologisk minne	Uavklart	89319	Skipsfunn
Bakkasund	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	89122	Havneområde
Krosshamn	Arkeologisk minne	Ikke fredet	162553	Havneområde
Salthella Rabben	Arkeologisk minne	Ikke fredet	158991	Sjømerke

Vedlegg 3

Nyare tids kulturminne

3.1: Kyrkjer, kyrkjebygg og gravplassar

Navn	Verne-status pr 2016	Kulturminne- Informasjon	Kulturminnet sine verdier
Austevoll kyrkje - Storebø	Ikke listeført	Kirkebygg oppført i 1890	Høg lokal og regional verneverdi. Kulturmiljøet sine verdier er knytt til m.a alder-, kunnskap-, bruks- og opplevingsverdier. Sjå meir info side 15 og 16. Må prioriterast høgt i vidare kulturminnearbeid i kommunen. Sjå mål og tiltak frå side 29
Møgster kyrkje - Stolmen	Ikke listeført	Kirkebygg oppført i 1892	Høg lokal og regional verneverdi. Kulturmiljøet sine verdier er knytt til m.a alder-, kunnskap-, bruks- og opplevingsverdier. Sjå meir info side 15 og 16. Må prioriterast høgt i vidare kulturminnearbeid i kommunen. Sjå mål og tiltak frå side 29
Bekkjarvik kyrkje Bekkjarvik	Ikke listeført	Kirkebygg oppført i 1895	Høg lokal og regional verneverdi. Kulturmiljøet sine verdier er knytt til m.a alder-, kunnskap-, bruks- og opplevingsverdier. Sjå meir info side 15 og 16. Må prioriterast høgt i vidare kulturminnearbeid i kommunen. Sjå mål og tiltak frå side 29
Storekalsøy kapell	Ikke listeført	Kirkebygg oppført i 1975	Høg lokal og regional verneverdi. Kulturmiljøet sine verdier er knytt til m.a alder-, kunnskap-, bruks- og opplevingsverdier. Sjå meir info side 15 og 16. Må prioriterast høgt i vidare kulturminnearbeid i kommunen. Sjå mål og tiltak frå side 29
Stolmen/Kvalvågen Ringetårn/gravkapell	Ikke listeført	Ringetårn i trekonstruksjon	Høg lokal og regional verneverdi. Kulturmiljøet sine verdier er knytt til m.a alder-, kunnskap-, bruks- og opplevingsverdier. Sjå meir info side 15 og 16. Må prioriterast høgt i vidare kulturminnearbeid i kommunen. Sjå mål og tiltak frå side 29
Storekalsøy/Kalve Ringetårn/gravkapell på Kolerakirkegården	Ikke listeført	Ringetårn i trekonstruksjon	Høg lokal og regional verneverdi. Kulturmiljøet sine verdier er knytt til m.a alder-, kunnskap-, bruks- og opplevingsverdier. Sjå meir info side 15 og 16. Må prioriterast høgt i vidare kulturminnearbeid i kommunen. Sjå mål og tiltak frå side 29

Storebø/Storebø gamle gravplass Ringetårn/gravkapell	Ikke listeført	Ringetårn i trekonstruksjon	Høg lokal og regional verneverdi. Kulturmiljøet sine verdiar er knytt til m.a alder-, kunnskap-, bruks- og opplevingsverdiar. Sjå meir info side 15 og 16. Må prioriterast høgt i vidare kulturminnearbeid i kommunen. Sjå mål og tiltak frå side 29
Møgster Kirkested/ Gravplass	Ikke vernet	Gravminner/gravsteiner	Sjå mål og tiltak frå side 29
Litlakalsøy gravplass	Ikke vernet	Gravminner/gravsteiner	Sjå mål og tiltak frå side 29
Storebø Gamle Gravplass	Ikke vernet	Gravminner/gravsteiner	Sjå mål og tiltak frå side 29
Storebø Kirkegård	Ikke vernet	Gravminner/gravsteiner	Sjå mål og tiltak frå side 29
Kalve kirkegård Kolerakirkegården	Ikke vernet	Gravminner/gravsteiner	Sjå mål og tiltak frå side 29
Stolmen gamle gravplass/ Kolerakirkegård	Ikke vernet	Gravminner/gravsteiner	Sjå mål og tiltak frå side 29
Stolmen/Møgster Kirkegård	Ikke vernet	Gravminner/gravsteiner	Sjå mål og tiltak frå side 29
Hundvåkøy Gravplass	Ikke vernet	Gravminner/gravsteiner	Sjå mål og tiltak frå side 29
Austevoll frikyrkje i Hestavik	Ikke tidligere registrert	Kyrkja er i dag eit minne, for bygget vart riven i 1948 og flytta til Sund der den står enno. Murane sletta for 8-10 år sidan då området vart seld til hyttetomt	Sjå mål og tiltak frå side 29

Kjelde: www.kirkesok.no

3.2: Kulturmiljø i kystkulturens kulturlandskap- Handelsstadar, tettstadar og sjøhusmiljø

Namn	Vernestatus pr 2016	Kulturminne- Informasjon	Kulturminnet sine verdier
Handelsstaden Bekkjarvik	Ingen heilskapleg formell vernestatus av kulturmiljøet. «Hengjo» utredes for evt fredning	Handels- og gjestgivarstad sidan 1600-tallet	Høg lokal og regional verneverdi. Kulturmiljøet sine verdier er knytt til m.a alder-, kunnskap-, bruks- og opplevingsverdier. Sjå meir info side 15 og 16. Må prioriterast høgt i vidare kulturminnearbeid i kommunen. Sjå mål og tiltak frå side 29
Handelsstaden Kvalvågen på Stolmen	Ingen heilskapleg formell vernestatus av kulturmiljøet.	Handels- og gjestgivarstad med kongelig bevilling frå 1731.	Høg lokal og regional verneverdi. Kulturmiljøet sine verdier er knytt til m.a alder-, kunnskap-, bruks- og opplevingsverdier. Sjå meir info side 15 og 16. Må prioriterast høgt i vidare kulturminnearbeid i kommunen. Sjå mål og tiltak frå side 29
Handels- og gjestgivarstaden Bakholmen	Ingen heilskapleg formell vernestatus av kulturmiljøet.	Handels- og gjestgivarstad sidan 1600-tallet. Møtestad for heradsstyret i Austevoll og Møgster 1886 -1964	Høg lokal og regional verneverdi. Kulturmiljøet sine verdier er knytt til m.a alder-, kunnskap-, bruks- og opplevingsverdier. Sjå meir info side 15 og 16. Må prioriterast høgt i vidare kulturminnearbeid i kommunen. Sjå mål og tiltak frå side 29
Handels- og gjestgivarstaden Gamle Bakkasund	Ingen heilskapleg formell vernestatus av kulturmiljøet.	Registrert som gammalt handels- og gjestgivarstad ca 1750	Høg lokal og regional verneverdi. Kulturmiljøet sine verdier er knytt til m.a alder-, kunnskap-, bruks- og opplevingsverdier. Sjå meir info side 15 og 16. Må prioriterast høgt i vidare kulturminnearbeid i kommunen. Sjå mål og tiltak frå side 29
Handels- og gjestgivarstaden Krosshavn	Ingen heilskapleg formell vernestatus av kulturmiljøet.	Handels- og gjestgivarstad sidan 1700-tallet (?)	Høg lokal og regional verneverdi. Kulturmiljøet sine verdier er knytt til m.a alder-, kunnskap-, bruks- og opplevingsverdier. Sjå meir info side 15 og 16. Må prioriterast høgt i vidare kulturminnearbeid i kommunen. Sjå mål og tiltak frå side 29
Handels- og gjestgivarstaden Kolbeinshamn	Ingen heilskapleg	Handels- og gjestgivarstad sidan	Høg lokal og regional verneverdi. Kulturmiljøet sine verdier er

	formell vernestatus av kulturmiljøet.	1700-tallet (?)	knytt til m.a alder-, kunnskap-, bruks- og opplevingsverdiar. Sjå meir info side 15 og 16. Må prioriterast høgt i vidare kulturminnearbeid i kommunen. Sjå mål og tiltak frå side 29
Abelone Møgster sitt Handelshus/bolighus på Møgster	Ingen formell vernestatus	Handels- og bolighus	Sjå mål og tiltak frå side 29
Fagerbakkevågen	Ingen heilskapleg formell vernestatus av kulturmiljøet. Deler av miljøet er midlertidig fredet	Sjøhusmiljø	Sjå mål og tiltak frå side 29
Salthella	Ingen formell vernestatus.	Sjøhusmiljø	Sjå mål og tiltak frå side 29
Stolmavågen	Ingen formell vernestatus.	Sjøhusmiljø	Sjå mål og tiltak frå side 29
Kvalvåg	Ingen formell vernestatus.	Sjøhusmiljø	Sjå mål og tiltak frå side 29
Møkster	Ingen formell vernestatus.	Sjøhusmiljø	Sjå mål og tiltak frå side 29
Indre Vestrevågen/Møgster	Ingen formell vernestatus.	Sjøhusmiljø	Sjå mål og tiltak frå side 29
Litlakalsøy	Ingen formell vernestatus.	Sjøhusmiljø	Sjå mål og tiltak frå side 29
Kalve/Store Kalsøy	Ingen formell vernestatus.	Sjøhusmiljø	Sjå mål og tiltak frå side 29
Kleppsvik/Kassholmen/Store Kalsøy	Ingen formell vernestatus.	Sjøhusmiljø	Sjå mål og tiltak frå side 29
Bakka/Store Kalsøy	Ingen formell vernestatus.	Sjøhusmiljø	Sjå mål og tiltak frå side 29
Melingsvågen (aust + vest)/Hundvåkøy	Ingen formell vernestatus.	Sjøhusmiljø	Sjå mål og tiltak frå side 29
Ølnavågen/Økland/Hunvåkøy	Ingen formell vernestatus.	Sjøhusmiljø	Sjå mål og tiltak frå side 29
Øklandsvågen/Hundvåkøy	Ingen formell vernestatus.	Sjøhusmiljø	Sjå mål og tiltak frå side 29
Birkeland/Storebø/Hufterøy	Ingen formell vernestatus.	Sjøhusmiljø	Sjå mål og tiltak frå side 29
Sturtevik/Storebø havn/Hufterøy	Ingen formell vernestatus.	Sjøhusmiljø	Sjå mål og tiltak frå side 29
Selvågen/Storebø/Hufterøy	Ingen formell vernestatus.	Sjøhusmiljø	Sjå mål og tiltak frå side 29
Sandvik/Storebø/Hufterøy	Ingen formell vernestatus.	Sjøhusmiljø	Sjå mål og tiltak frå side 29
Åsmundpollen/Eido/Storebø/Hufterøy	Ingen formell vernestatus.	Sjøhusmiljø	Sjå mål og tiltak frå side 29
Drønspollen/Drøna/Kolbeinsvik/Hufterøy	Ingen formell vernestatus.	Sjøhusmiljø	Sjå mål og tiltak frå side 29
Gauksheim/Bekkjarvik/Selbjørn	Ingen formell vernestatus.	Sjøhusmiljø	Sjå mål og tiltak frå side 29
Sætravika/Bekkjarvik/Selbjørn	Ingen formell vernestatus.	Sjøhusmiljø	Sjå mål og tiltak frå side 29

Kjelder:

Fylkeskonservatoren i Hordaland – Gamle Handels- og gjestgiversteder på Vestlandet Del1 Ytre Hordaland – Bergen 1973

Fylkeskonservatoren i Hordaland – Verneverdige sjøbruksmiljø i Austevoll – Forprosjekt til kystsoneplan – Bergen 1989

Austevoll kommune Austevoll/Bergen Austevoll – ut mot hav- Samfunnsdel til kommuneplanen 2013 – 2024/ Prosjekt Ny næring i gamle bygg i strandsona» Storebø 2013

Tufteland J, solbakken J, Fagerbakke S – Austevoll Kultursoge 1 – Austevoll Herad 1986

3.3: Kulturmiljø i landbruket sitt kulturlandskap- Gardsanlegg, utmarksverksemd

Navn	Vernestatus pr 2016	Kulturminne Informasjon	Kulturminnet sine verdier
Hufthamartunet på Hufthamar/Hufterøy	Ingen heilskapleg formell freding eller vernestatus av bygningar og kulturmiljøet.	Gardsanlegg/»klyngetun». Det er to bustadhus i tunet. Gamlestova var bygd som ei røykstove på 1600-talet (?). Den fekk eit påbygg, ei lemstove i 1815. Nystova er bygd i 1854. Løa vart bygd av Lars Monsen i 1820-30 åra. Det er ei stor stavløe med bru inn frå nordgavlen. I tillegg til å gje plass til storfea på garden, tente og løa som arbeidsstad og lagerlokale for reiskapar og dyrefor. Stabburet kjenner ein ikkje sikkert byggeåret til, men det er nemnd i 1776. Tømra ber preg av at det har vore nytta tidlegare. Stabburet vart nytta som lagerbygg for matvarer. Potetkjellaren er nemnd første gong i 1844, og vart som namnet seier nytta som lagerplass for poteter. I 1991 vart ein uteflor frå Haugland flytta til Hufthamartunet og innreidd til toalett. Eldhuset og grisehuset med hønehus, do og gjødselkjellar er ramlane ned. Nord i utmarka finn ein grunnmur etter eit smalahus.	Høg lokal og regional verneverdi. Kulturmiljøet sine verdier er knytt til m.a alder-, kunnskap-, bruks- og opplevingsverdier. Sjå meir info side 15 og 16. Må prioriterast høgt i vidare kulturminnearbeid i kommunen (verneplan og bruksplan osv). Sjå mål og tiltak frå side 30
Gardsanlegg Fagerbakke på Selbjørn (G.nr/B.nr: 3/3)	Ingen vernestatus	Garden er frå 1870 og består av hovedhus, grindbygd løe, uthus, grisehus, hønehus og utedo. Vidare finn ein eit anna uthus ved hovedhuset, potetkjellar og «ljoshus»	Sjå mål og tiltak frå side 30
Økland - Jord-/Potetkjeller	Ingen vernestatus	Jordkjellaren vart bruka til å halde maten kjølig om sommaren og frostfri om vinteren.	Sjå mål og tiltak frå side 30
Taranger Jord-/Potetkjeller (G.nr/B.nr: 34/5)	Ingen vernestatus	Oppført ein stad mellom 1900-1912. Huset og løa på garden vart bygt i 1912, men potetkjellaren kan ha vore laga tidlegare med det gamle huset. Huset, løa og potetkjellaren er i god stand og har vore i bruk heile tida. Ein potetkjellar er ein stad der dei	Sjå mål og tiltak frå side 30

		i tidlegare tider oppbevarte mat som skulle halde seg ei tid. I jordkjellaren blir klimaet stabilisert av jorda si fukt og temperatur. Jordkjellaren vart bruka til å halde maten kjølig om sommaren og frostfri om vinteren.	
Torvmyrer	Ingen vernestatus		Sjå mål og tiltak frå side 30
Torvhus i utmarka	Ingen vernestatus		Sjå mål og tiltak frå side 30
Steingardar i kommunen	Ingen vernestatus		Sjå mål og tiltak frå side 30
«Samson sine murar» på Stolmen	Ingen vernestatus	Eit unikt kulturlandskap prega av tørrmurte/mektige steingardar på eigedomen til Samson Årland. Murt etter at han kom heim frå 1.v.krigen	Sjå mål og tiltak frå side 30
Steinmurar på Hevrøy	Ingen vernestatus	Ute på Rosseide er det sett opp nokre fantastiske steinmurar. Mykje av murane er sett opp av runde steinar som dei fann i stranda på Søre Rosseide. Det var Johannes Hevrøy som dyrka mark der ute rundt 1900 talet. Han fekk hjelp av Mads Eikholmen frå Eikholmen ved Fagerbakke. I tillegg til å dyrka opp mark, så bygde han ein uteflor der til kyrene sine	Sjå mål og tiltak frå side 30
Gauksheim – samling med rydningsrøyser , geil til utmarka og utmarksgjerne, murar etter utmarksløe (G.Br 70)	Vernestatus (?)		Sjå mål og tiltak frå side 30
Ørne og oterhytter	Ingen vernestatus	På Selbjørn har arkeolog Anders Rabben registrert flere steinhytter som har vært i bruk til jakt/fangst av ørn og oter.	Sjå mål og tiltak frå side 30
Gauksheim - hilderen «Oven»	Ingen vernestatus	En naturlig steinhilder i kulturlandskapet. Hilderen er brukt til ulike føremål opp gjennom historia	Sjå mål og tiltak frå side 30

Kjelder: Hordaland Fylkeskommune 2005: Kulturhistoriske registreringar, Selbjørn Vindpark, Austevoll kommune. Rapport 2005

3.4: Samferdsel

Navn	Vernestatus	Kulturminne informasjon	Kulturminnet sine verdiar
Ferdselsårer/bygdeveier	Ingen vernestatus		Sjå mål og tiltak frå side 30
Kaianlegg for ruteanløp Kvalvågen	Ingen vernestatus		Sjå mål og tiltak frå side 30
Kaianlegg for ruteanløp I innløpet til Heimarkspollen	Vernestatus (?)		Sjå mål og tiltak frå side 30
Kaianlegg for ruteanløp Røstøy	Ingen vernestatus		Sjå mål og tiltak frå side 30
Kaianlegg for ruteanløp på ulike stoppestader i kommunen	Ingen vernestatus		Sjå mål og tiltak frå side 30

3.5: Næring, tekniske/ industrielle kulturminne og vassdrag

Navn	Vernestatus	Kulturminne-informasjon	Kulturminnet sine verdier
Steinbrudd for granittuttak Rostøy	Ingen vernestatus		Sjå mål og tiltak frå side 30
Bygdesag og mølleanlegg Haukanesvassdraget	Ingen vernestatus	Rester etter sag og mølle	Sjå mål og tiltak frå side 30
Kvernhaus v/Kvernavatnet Storebø	Ingen vernestatus	Kvernhaus med tømret kjerne. Sentral beliggenhet ved/i Turløype/»Inger Anne løypa»	Sjå mål og tiltak frå side 30
Mølleanlegg v/Veste Vinnesvågen	Ingen vernestatus	Mølle for produksjon av mel. Oppstart på 1930-tallet (?) Klubblokale/båtopplag for Austevoll Kystlag.	Sjå mål og tiltak frå side 30
Kvernstein i Kolbeinsvik	Ingen vernestatus	Folk i Kolbeinsvik brukte Matvikvatnet og elva der til å mala korn. Det var også kvern i Kvednavatnet (Kolbeinsvik)	Sjå mål og tiltak frå side 30
Mølleanlegg mellom Gauksheim og Hottvik på Selbjørn (G.br.70)	Ingen vernestatus	Demning som ligger mellom Midtvatnet og Kvernavatnet. Brukt til mølledrift og regulering av vannmengde	Sjå mål og tiltak frå side 30
Anlegg for uttak av is til fiskeeksport /Kvalvågen Stolmen	Ingen vernestatus	Rester av murer for oppdemming av vann til isproduksjon	Sjå mål og tiltak frå side 30 Del av eit heilskapleg kulturmiljø
Kanalen i Sørvik/Stolmen	Ingen vernestatus	Ein ca 100 meter lang kanal med gråsteinsmur og murt bryggje på begge sider. Eit omfattande og stor byggverk laga med handamakt. Funksjonen var å transportera sildetønner frå katevågen Sørvik til Kvalvågen	Sjå mål og tiltak frå side 30 Del av eit heilskapleg kulturmiljø Skildra i Austevoll kultursøge v/Tufteland
Salterier i kommunen	Ingen vernestatus		Sjå mål og tiltak frå side 30
Nothengjer i kommunen	Ingen vernestatus		Sjå mål og tiltak frå side 30
Barkeri i kommunen	Ingen vernestatus		Sjå mål og tiltak frå side 30
Loshytta og skipmannstegen på Kalve/Storekalsøy	Ingen vernestatus for kulturmiljøet	«Skipmannsstegen er ei utførleg tørrmura steintrapp som går langs fjellveggen. Før 1900 var stien bygd av rektømmer og førde opp til ei bu som stod på nordre enden av berget. Den noverande loshytta vart bygd ca. 1890. Hytta har tømra kjerne	Høg lokal og regional verneverdi. Kulturmiljøet sine verdier er knytt til m.a alder-, kunnskap-, bruks- og opplevingsverdier. Sjå meir info side 15 og 16. Må prioriterast høgt i vidare kulturminnearbeid i kommunen (verneplan og

		og er bolta fast til grunnen. Her sat ein og speida etter skip.. Fekk dei auga på skip, bar det i full fart ned Skipmannsstegen. Losen måtte koma fyrst ut til den skuta som skulle losast. Det var knallhard konkurranse frå losane på Stolmen og Hummelsund på Sotra. I 1901 vart «Korsfjorden Felleslosing» skipa. Med det vart det innført vaktordningar for Selbjørnsfjorden og Krossfjorden. Hytta vart også nytta under 2.verdskrigen. 9.april 1940 sat det vakter her og såg krigsskipa koma (www.visitsunnhordland.no)	bruksplan osv). Sjå mål og tiltak frå side 30
Smie Rostøy	Ingen vernestatus		Sjå mål og tiltak frå side 30
Elektrisk straum	Ikkje dokumentert	I Kolbeinsvik hadde dei tidleg elektrisk straum. Det vart sett opp eit privat aggregat i elva frå Kvednavatnet. Dette gav straum til elektrisk lys til mange av innbyggjarane i Kolbeinsvik. Det var Lars Olai Møgster som var pådrivar i dette arbeidet.	Sjå mål og tiltak frå side 30

Kjelder: Hordaland Fylkeskommune 2005: Kulturhistoriske registreringar, Selbjørn Vindpark, Austevoll kommune. Rapport 2005

3.6: Samfunnsinstitusjonar- Offentlige bygg, organisasjonsbygg og skulebygg

Namn	Vernestatus	Kulturminne Informasjon	Kulturminnet sine verdier
Samfunnshuset på Stolmen	Ingen vernestatus		Sjå mål og tiltak frå side 30
Samfunnshuset på Storebø	Ingen vernestatus		Sjå mål og tiltak frå side 30
Skulehuset i Gauksheim	Ingen vernestatus		Sjå mål og tiltak frå side 30
Skulehuset i Haukanes	Ingen vernestatus		Sjå mål og tiltak frå side 30
Gamleskolen på Storebø	Ingen vernestatus		Sjå mål og tiltak frå side 30
Gamleskolen på Nauthella	Ingen vernestatus	Bygning sett opp ca 1880/90. Felles skule for Kolbeinsvik, Drøna og Heimark skulekrins. Vart flytta frå Nauhella til Kolbeinsvik i ca 1920 (no brukt som barnehage)	Sjå mål og tiltak frå side 30
Grunnmur etter gamleskolen på Drøna	Ingen vernestatus	Bygg vart reist ca.1915. Murane etter denne skulen står framleis	Sjå mål og tiltak frå side 30
Bedehus i kommunen	Ingen vernestatus		Sjå mål og tiltak frå side 30

3.7: Forsvar og krigsminne

Navn	Vernestatus	Kulturminne Informasjon	Kulturminnet sine verdier
Grøntuo Stolmen	Ingen vernestatus	På Grøntua ligg rester etter tysk radar og lyttestasjon. Til tider kunne det vera 200 mann på dette anlegget	Sjå mål og tiltak frå side 30
Drøna - Rester av flyvrak fra 2-v.krig	Ingen vernestatus	Sjå kjelde	Sjå mål og tiltak frå side 30
Loddo Lyttestasjon I 2-v.krig	Ingen vernestatus	Sjå kjelde	Sjå mål og tiltak frå side 30
Bolighus til motstandskvinnen Abelone Møgster	Ingen vernestatus		Sjå mål og tiltak frå side 30

Kilde : Dyngvold, Finn og Trond Hagenes: Eit lite øysamfunn i Den store krigen 1939-45. Austevoll forlag AS. Storebø 2015

3.8: Bustader og arkitektur- Historisk utvikling innan lokal byggeskikk

Namn	Vernestatus	Kulturminne Informasjon	Kulturminnet sine verdier
Private bustader/Bolighus Historisk utvikling av «bustaden» i Austevoll	Ingen generelle retningslinjer for vern av bolighus i Austevoll	Begrenset SEFRAK-registrering på Selbjørn 1980-tallet. Forslagsgiver ønsker informasjon om lokal byggeskikk i Austevoll.	Det er av høg lokalhistorisk verdi å få eit oversyn over bustadbygging/bygge-tradisjon i Austevoll frå eldre tid fram til våre dagar. Dokumentasjon og registrering av lokal byggeskikk vil gje viktig informasjon om arkitektonisk utvikling, men og livsforhold i Austevoll. Dokumentasjon vil gje opplysningar om kulturminna og verdier dei måtte representera (alder-, kunnskap-, bruks- og opplevingsverdier. Sjå meir info side 15 og 16). Må prioriterast høgt i vidare kulturminnearbeid i kommunen (verneplan og bruksplan osv). Sjå mål og tiltak frå side 30

3.9: Minnesmerke, parker og hagar

Namn	Vernestatus	Kulturminne Informasjon	Kulturminnet sine verdier
Minnesmerke Storebø Austevoll kirke	Ingen vernestatus	Minnestein med teksten; Til minne om desse fra Austevoll sogn som falt i krigen 1940-45 Namn på de enkelte falne – 9 personar	Sjå mål og tiltak frå side 30
Minnesmerke Storebø Austevoll kirke	Ingen vernestatus	Minnestein med teksten; Til minne om fiskebåten Lindøy som forliste 10 februar 1946 vest av Byrknesøy med 20 mann. Når du er med på båten få fer me heim i fred. E.Blix Namn på dei forulykka – 20 personar	Sjå mål og tiltak frå side 30
Minnesmerke Stolmen Møgster Kirke	Ingen vernestatus	Minnestein med teksten: Fall i Norges frihetskamp 1940 – 1945 Namn på 8 personar Under namn på 5 unge personar som døde ved (sprengnings)ulykke 27.02.1945	Sjå mål og tiltak frå side 30

Kjelde: www.disnorge.no/gravminner

Vedlegg 4

Lause kulturminne

4.1: Private og offentlige samlingar av kulturhistoriske gjenstandar

Namn	Vernestatus	Kulturminne Informasjon	Kulturminnet sine verdiar
Økland Hundvåkøy Privat samling/Museum	Ingen	Privat samling av kulturhistoriske gjenstandar Ein flott og rikholdig samling av gjenstandar frå lokalmiljøet på Hundvåkøy. Brukt til omvising for skuleborn m.fl. Ynskje om at samlinga blir registrert/dokumentert.	Sjå mål og tiltak frå side 30
Bakkasund Store Kalsøy Storekalsøy Museum	Ingen	Ein flott og rikholdig samling av gjenstandar frå lokalmiljøet på Storekalsøy. Eige styre for samlinga. Ynskje om at samlinga blir dokumentert og evt. eigen verne- og bruksplan for samlinga.	Sjå mål og tiltak frå side 30
Kvalvågen Stolmen Barkegryte	Ingen	Gryta står på kaien i Kvalvågen. Ble brukt til trankoking av brugdelever. Forslagsgivar ser gryta som eit symbol på den mangarta og rike aktiviteten gjennom århundra i Kvalvågen.	Sjå mål og tiltak frå side 30

4.2: Båt og fartøy

Namn	Vernestatus	Kulturminne Informasjon	Kulturminnet sine verdiar
Bygg Motorverksted/Produksjon av motorer	Ingen		Sjå mål og tiltak frå side 30
Bygg Båtbygging/Dalen/Bjelland/St orebø	Ingen	Naust for lokal produksjon av Osolver. Rundt om i Austevoll er det bygd mange båtar. Forslagsgivar savnar dokumentasjon av dette handverket og næringa i Austevoll	Sjå mål og tiltak frå side 30
Bygg Båtbygging/Slorkjen/Vassnes /Kolbeinsvik	Ingen	Naust for lokal produksjon av Vassnesbåten.	Sjå mål og tiltak frå side 30

Kjelde/Eks. på kjelder om tema sjå:

www.lokalhistoriewiki.no/index.php/Bibliografi:Austevoll_kommune

4.3: Reiskap frå fiskeri og anna verksemd

Namn	Vernestatus	Kulturminne Informasjon	Kulturminnet sine verdiar
Garn, not og anna reiskap frå lokalt fiskeri	Ingen	Fleire personar i lokalmiljøet har snakka til kulturminnekonsulent om at dei veit om viktige reiskap for lokalt fiskeri. Dette ligg i naust rundt omkring i kommunen. Dei uttrykker ynskje om at dette vert registrert og dokumentert for ettertida slik at kunnskap ikkje går tapt.	Sjå mål og tiltak frå side 30

4.4: Foto og skriftleg materiale

Namn	Vernestatus	Kulturminne Informasjon	Kulturminnet sine verdiar
Gamle foto	Ingen	I Austevoll finnes det mange gamle foto som kan fortelje kommande generasjonar om livet, hendingar, hus og gjenstandar her i Austevoll. Foto er i private heimar, som private samlingar. Nokre lokale lag har samla inn foto til eige/allment bruk. Det vert og etterlyst foto innsamla av Austevoll kommune på midten av 1990-talet. Kvar tok dei veggen? Ein må samla inn foto og ha ein god plan for vern og bruk av dette materialet.	Høg kulturhistorisk verdi Sjå mål og tiltak frå side 30
Gamle private brev	Ingen		Høg kulturhistorisk verdi Sjå mål og tiltak frå side 30

Vedlegg 5

Immaterielle kulturminne

5.1: Handverk

Namn	Vernestatus	Kulturminne Informasjon	Kulturminnet sine verdier
Austevollbunaden	God vernestatus med at det vert arrangert kurs årleg. Høg popularitet og bruk av kulturminnet	Austevoll husflidslag har samla inn og dokumentert dette handverket i Austevoll. Held handverket og tradisjonen levande.	Høg lokal verneverdi
Båtbygging			
Reidskaptilverking til fiskeri og jordbruk			

Vedlegg 6

Innspel til offentlig høyring av Kommunedelplan for Kulturminne 2016-2028

I samband med offentlig høyring av Austevoll kommune sin kommunedelplan for kulturminne 2016 – 2028 kom det inn 10 ulike innspel. Planen var ute til høyring i perioden mai – september 2016.

Følgjande innspel er sendt inn og vurdert i samband med planen

Innspel	Innsendar	Vurdering	Vegen vidare for innspela
1.Kanalen i Sørvik på Stolmen	Oddvar Stangeland, Storebø	Innspel er forslag til nyare tids kulturminne.	Innspel legges inn i Kap.5 vedlegg/kulturminnedel: «Næring, tekniske/industrielle kulturminne og vassdrag». Sjå og samanheng heilskapleg miljø i Kvalvågen
2.Bygdeborg på Møkster	Mona Mørk, Møkster	Innspel til forslag til fornminne/Automatisk freda kulturminne	Innspel er lagt inn i kulturminnedel, men ein må arbeida med Hordaland fylkeskommune om ny registrering og sikring av minnet som eit automatisk freda kulturminne. Skulen på Møkster vil bruka fornminnet i undervisning og formidling. Mulig i denne samanheng å få til eit godt informasjonsskilt på staden? Ein må jobbe fram ein heilskapleg plan for bruk og skjøtsel av fornminne i Austevoll. Sjå Kulturminneplan Kap.6 Handling og tiltak
3.Fornminne på Prestaneset, Storebø	Sol-li Barnehage, Storebø	Innspel går på at barnehagen vil bruka kulturminnet som del av ein aktivitetspark/fritidsområde på Prestaneset	Kulturminnet med lok.id 97714 er registrert i kulturminneplan som gravhaug. Søknad frå barnehagen er sendt til Hordaland fylkeskommune i juni 2016. Svar frå Hordaland fylkeskommune 10.08.16. Dei viser til at området i 2007 er regulert til friluftsområde og kulturelt bevaringsområde. «Det er difor viktig at ein ser barnehagen sin bruk av området (lavo og aktivitetssanlegg) i samanheng med ein plan for skjøtsel og bruk av heile området. Austevoll kommune, grunneigar og Sol-li barnhage må slik ta opp igjen arbeid med skjøtsel av området.....ikkje privatiserer fornminneområdet, men at arealet vert halde opent for alle» Svar frå HF er i tråd med kulturminneplanen sin tiltaksdel der ein ynskjer ein heilskapleg plan for bruk og skjøtsel av fornminne i Austevoll. Sjå Kulturminneplan Kap.6 Handling og tiltak
4.Fornminne og verneområde på Storebø	Grunneigarar i området: -Annike Storebø Koh -Aina	Innspelet er ei klage på omsynssone/verneområde sett rundt funn ID 97418. Sjå omtale av lokalitet:	Hordaland fylkeskommune har svart på klage 07.08.2015 og sendt saka over til Austevoll kommune Sett i samband med kulturminneplanen for

	Mortvedt -Ingolv Storebø 54-Arvid Mortvedt -Åge Mortvedt -Roger Algrøy -Bjørn M. Hufthammer	http://www.kulturminnesok.no/Lokaliteter/Hordaland/Austevoll/Storeboe-Depot-Raunhaug	Austevoll kommune må klaga og fornminnet/kulturminnet utredas meir. Ein må jobbe fram ein heilskapleg plan for bruk og skjøtsel av fornminne i Austevoll. Sjå Kulturminneplan Kap.6 Handling og tiltak
5.Gardsanlegg og naust i Fagerbakke/Fagerbakkevågen	Unni og Knut Are Dyrdal	Innsendar vil at G.nr 3/B.nr 3 vert notert i kulturminneplanen . Naust er mellombels freda i regi av Hordaland Fylkeskommune.	Innspel vedr naust er lagt inn i Kap.5 vedlegg/kulturminnedel: «Handelsstader, tettstader og sjøhusmiljø» og ses i samband med eit heilskapleg kulturmiljø i Fagerbakkevågen. Garden legges inn under temaet « Gardsanlegg, utmarksverksemd»
6.Veg-historiske kulturminne og trafikktryggleik	Statens vegvesen, Bergen	Uttale frå Statens vegvesen gjeld: -Ved arbeid med veghistoriske kulturminne vil Statens vegvesen bli kontakta -Ved tilrettelegging av kulturminne må ein tenka skilting og parkering og –søknadar etter veglova	Innspel vert tatt til fylje og kan sjåast i samband med kulturminneplanen sitt tiltaksområde: «Fremja arbeidet med å formidla kunnskapen om lokale kulturminne»
7.Bevaring av lokalhistorisk Kjelde-materiale - FOTO	Austevoll Fiskarsogelag v/Arne Lier	Austevoll Fiskarsogelag v/Øystein Rabben i spissen har i mange år jobba med ein årleg kalender og har nå eit stor fotomateriale. Materialet har stor lokalhistorisk kulturminneverdi.	Innspel er klart ein del av kulturminneplanen sitt tiltaksområde: «...Foto og skriftleg materiale». Sjå og mål og tiltak side 29, der ein ser den høge kulturhistoriske verdien eit slikt materiale har.
8.«Vinnessvassdraget med Mølla» - Bevaring og bruk	Vinnessvåg Velforening v/Ingunn Berge Vik	Vinnessvåg Velforening ønskjer å sjå heilskapen i friluftsområdet Loddo, Vetten, Vinnessvatnet og vidare ned til sjøen og industrianlegget Møllo. For å hindra ferdsel på fylkesvegen ynskjer dei å laga ein gangveg under vegen for elveleie og dei turgåande.	Mølla ligg inne som del av kulturminneplanen sitt tiltaksområde: «Næring, tekniske/industrielle kulturminne og vassdrag». Innspel går vidare til kommunal behandling. Industrianlegg og vassdrag må sin heilskap sjåast i samband med kulturminneplanen. Kulturmiljøet må kulturminneregistrerast og dokumenterast i samband med «vegarbeidet». Ein har her ein god moglegheit til å arbeide fram ein bevaringsplan under mottoet «vern gjennom bruk»
9.Innspel frå Stolmen Vel til høyring av kulturminneplan 2016 - 2028 for Austevoll	Stolmen Vel v/Nils Steinar Våge	Stolmen Vel sende eit rik og godt innspel til <i>høyring vedr Kulturminneplan 2016-2028</i> for Austevoll. Dei har jobba med dei ulike tema som kulturminner er delt inn i og sett dette i forhold til registrering og	Stolmen Vel v/Nils Steinar Våge peiker på mangfaldet i leveveg og kultur gjennom tidene her ute på øyane. Dei underbygger behovet for registrering/oppmåling og dokumentasjon av kulturminne . Dei peiker vidare på kor viktig det er å samla inn minne via intervjuprosjekt og fotoinnsamlingsprosjekt. Stolmen Vel påpeiker og at eit godt innsamla materiale kan nyttast på

		<p>dokumentasjonsbehov på Stolmen. Dette er lagt ved som vedlegg 7 til kulturminneplanen.</p> <p>I tillegg sender dei ulike litteratur- og kjeldelister vil kan vera til hjelp i vidare arbeidet med kulturminneplanen på alle øyane i kommunen. (Arkivet materiale)</p>	<p>informasjonsskilt og vidare til større publikasjonar og i undervisningsopplegg.</p>
<p>10. Fråsegn til offentleg høyring av kommunedelplan for kulturminne 2016 -2028, Austevoll kommune</p>	<p>Hordaland Fylkeskommune v/ Fylkeskonservatoren</p>	<p>Hordaland Fylkeskommune v/ Utval for kultur, idrett og regional utvikling handsama kommunedelplan for kulturminne 2017 -2028 , Austevoll kommune. Dei gjorde samrøystes vedtak om følgjande 5 punkt den 14.09.2016:</p> <p>1.Kommunedelplan for kulturminne for Austevoll 2016-2028 er eit godt grunnlag for forvaltning av kulturminne i Austevoll kommune</p> <p>2.Austevoll kommune bør ha særleg merksemd på dei kulturminna som er knytte til førhistorie, kystkultur og fiskeri, landbruk og samferdsle.</p> <p>3. Planen treng nokre mindre endringar på struktur og presentasjon for å blir eit godt plandokument for styring og utvikling av kulturminnevernet i kommunen og i formidlinga av viktige kulturminne.</p> <p>4. Handlingsplanen har gode tiltak som svarer på aktuelle utfordringar i Austevoll. Tiltak i handlingsplanen bør konkretiserast med kven som har ansvar for oppfølging, kostnad, finansiering, framdrift og samarbeidspartnarar.</p>	<p>Punkt 1 understreker viktigheten av offentlig forvaltning av kulturminne i Austevoll – planen er eit reiskap for vidare arbeid med kulturminne.</p> <p>Punkt 2 seier at ein må ha særleg fokus på utvalte delar av historia. Dette er i tråd med dei kulturminna ein trekk frem i kulturminneplanen. Desse minna skal belysa historiske epokar og levesett.</p> <p>Punkt 3 påpeiker at ein må jobba meir med struktur/lay out for at det skal bli et godt plandokument . Me tek dette til fylje og noterer oss punktet til revideringa av planen om to år.</p> <p>Punkt 4 Viser til handlingsplanen og tiltak som er skissert der.</p> <p>I tillegg til den noverande handlingsplanen legg me til/prioriterer 5 konkrete tiltak som skal gjennomførast dei kommande 2 åra, -altså til neste revidering. Dei må konkretiserast med kostnad, samarbeidspartar, framdrift og ansvar osv.</p> <p>Punkt 5 påpeikar at kommunen må prioritera handlingsplanen og satse på kulturminnefagleg rådgjeving. Dette er eit politisk tema. Er dette eit tema å finne att i Austevoll kommune sitt budsjettet for 2017?</p>

		5. Kommunen bør prioritere gjennomføring av handlingsplanen, setje av eigne budsjettmidlar, utvikle lokale tilskotsordningar og satse på kultuminnefagleg rådgjeving for private eigarar og lokale handverkarar	
--	--	---	--

Vedlegg 7

Innspel frå Stolmen Vel til *Høyring av Kulturminneplan 2016-2028* for Austevoll.

Versjon 2.

Stolmen Vel sende 25. juli 2016 innspel til *Høyring av Kulturminneplan 2016-2028* for Austevoll. Sidan høyringsfristen er utsett til 15. september, sender velforeninga eit nytt og utvida innspel. Dessutan følger eit nytt vedlegg: *Stolmen i ulike primære kjelder*. Både litteratur- og kjeldelista vil vera til hjelp i arbeidet med kulturminneplanen på alle øyane i kommunen.

I Kapittel 5 "Vedlegg/Kulturminnedel" i kulturminneplanen, *Kulturminne i Austevoll. Oversyn pr. desember 2015*, er det 30 registrerte kulturminne frå Stolmen. Det er langt færre en dei kulturminna som finst her. Stolmen Vel har difor utarbeidd ei liste som supplerer objektoversynet i dette kapittelet. Sidan Stolmen er utpeika som ein av få landskapsparkar i landet, vil oversynet fyldiggjera og styrkja øya som landskapspark.

Tilgjengeleggjering

Stolmen Vel ønskjer å synleggjera kulturminna på øya så snart planen er vedteken. Grunnen er at innbyggjarane og alle som besøker Stolmen, skal få kunnskapar om øya si lange og mangesidige historie. Velforeninga vil difor markera kulturminna med plakettar, skilt, ulike oppslag med tekst og bilde m.m. I tillegg vil kulturminna både bli samla i trykte publikasjonar og lagt ut på Stolmen Vel si nettside. Dei immaterielle kulturminna vil få større plass enn kulturminneplanen legg vekt på. Grunnen er at dei fortel om buforhold, levemåte, ulike samkomer, fiskarbondedefamilien sitt kvardagsliv, ulike handverk, kvar og korleis folket på øya dreiv næringsverksemd, deltaking i fisket ved Island, i Nordsjøen og Nordland frå omkring 1900 og mykje meir. Undervisningsopplegg til skulebruk vil og bli utarbeidd.

Stolmen 25. august 2016

På vegne av Stolmen Vel

Nils Steinar Våge

Vedlegg

1. Innspel frå Stolmen Vel til *Høyring av Kulturminneplan 2016-2028. Andre versjon.*
2. Litteratur om Stolmen. Sjå nedanfor!
3. Stolmen i ulike primære kjelder. Sjå nedanfor!

4. Bibliografi: Austevoll kommune:

https://lokalhistoriewiki.no/index.php/Bibliografi:Austevoll_kommune

5. Årstalsliste for Austevoll:

https://lokalhistoriewiki.no/index.php/%C3%85rstalsliste_for_Austevoll

Vedlegg 1

Innspel frå Stolmen Vel til *Høyring av Kulturminneplan 2016-2028.*

Fornminne/automatisk freda kulturminne

1. Når det gjeld fornminna, sjå 30 registreringar s. 34-38 i kulturminneplanen.
2. Fire kokegroper: Ei på Våge, to på Stangeland og ei på Valhammar. Kokegropene er registrerte, men ikkje ført opp i kulturminneplanen.
3. Steinaldergravhaug på Våge. Er registrert, men er ikkje med i planen.
4. I Grotkloven mellom Kvalvågen og Setrevika er det teke ut kleberstein, særleg garnstein og fiskesøkke. Ikkje registrert.
5. Del av den gamle sjoarvegen frå Vågatunet til Vågasjøen: Veggen frå Smittet mellom Tappestøhaugen og Ramshaugen og vidare til Steineidet. Veggen kan vera laga i middelalderen, og er dermed eit fredningsobjekt. Ikkje registrert.
6. Trappene opp frå Kyrkjevika. Ikkje registrert. I Kyrkjevika hadde folket på Øvrevåge båtane sine, særleg om sommaren når dei frå 1840-åra dreiv laksefiske med kilenot ved Gjetingane. Trappene letta ferdsla med tunge laksebører. Dei vart utbetra av tyskarane under krigen.
7. Restar etter buplass/grunnmur (eldre jernalder ?) i Austre Tappestøhaugen ved Vågavatnet. Plassen er kjent for fylkesarkeologen/fylkeskonservatoren i Hordaland.
6. 30 plassar med steinalderfunn.

□□□□□10 000 år gamle buplassar.

NB! Til 6 og 7: Kor er det omfattande arbeidet som lærar Olav Hagerup saman med elevane ved Stolmen skule og Universitetet i Bergen utførte i 70- og 80-åra?

Handelsstader, tettstader og sjøhusmiljø

1. Dei eldste sjøbuene, nausta og naustmiljøa på øya.
2. Restar av grunnmuren til det gamle gjestgjeveriet/kipparstova/handelsstaden i Stolmavågen ligg like opp for Vågakaien. Denne bør undesøkjast av fagfolk. Den sørlege delen av muren er nyleg tildekka av steinblokker.

Litteratur: Kultursoga s. 394-395.

Kjelde: Jordskiftekart frå 1914.

3. Buene, gjestgjeveriet og handelshuset i Kvalvågen.

Litteratur: Kultursoga s. 380-396 og Johan Tufteland: *Kvalvåg. Et eldgammelt kremmerleie.* Stolmen 1975.

4. Landhandelen på Våge. Her var det landhandel frå mellom 1900 og 1910 til midten av 1950-åra.

Litteratur: *Austevoll i handel og samferdsel*. Manus.

Gardsanlegg, utmarksverksemd

Desse bør registrerast, oppmålast og undersøkjast:

- a) Uteflorsmurane
- b) Steingardane
- c) Torvhusa
- d) Torvmyrar
- e) Dei to klyngjetuna, Vågatunet og Bjørnatunet

Stolmastova som vart flytt til Sunnhordland museum i 1923, var den gongen den eldste bygningen i Vågatunet. Denne årestova frå 1500-talet er bygd av tømmer som er vakse på Våge. Alle fakta om huset finst ved museet.

Kjelder: Skouge, Knut: *En beskrivelse av Stolmastova*. Ei innberetning sendt til fylkesmannen i Søndre Bergenhus Amt 22. juni 1866. Beretninga kan mellom anna fortelja om byggjemåten, levemåten og noko om klyngjetunet på dette tidspunktet.

Jordskiftekart: Utsiftinga 1914.

Vegar/vegfar

Desse må teiknast inn på kart:

- a) Gamle"vegen" mellom Våge og Kvalvågen.
- b) Dei gamle sjoar"vegane" frå Våge til Stolvågen, frå Søre og Nordre Årland til Årlandssjøen og frå Stangeland til Stangelandssjøen.
- c) Marka"vegar" til mellom anna torvmyrar og uteflorar.
- d) Markering med skilt/plakettar/tekstar/fotooppslag at vegen mellom Kvalvåg og Våge var den første vegen i Austevoll. Vegarbeidet (pliktarbeidet) varte frå 1894 til 1914.

Litteratur: Nils Steinar Våge: "Nokre brotstykke av stolmavegen si historie" I *Frå ferje til bru*. Stolmen 1997.

Kjelder til vegane: Jordskiftekart

Næring, tekniske/industrielle kulturminne og vassdrag

a) Ishuset i Stolvågen frå 1860-åra vart bygd av handelshuset Groom & Son frå Stavanger for ising av laks. Huset stod rett vest for der Vågakaien ligg. Det finst ikkje restar etter grunnmuren, men det finst eit større kart der huset er innteikna. Ishuset vart teke av ein storm i november 1920. Det står enno jernboltar i berget på haugen

mellom Vågavatnet og kaien. Desse boltane blei brukte i tilknytning til ei heiseordning for isblokkene.

Litteratur: Karl Sjurseth: *Fiskarsoga for Hordaland*. Bergen 1961, s. 386-387, og Kultursoga s. 396.

Kjelde: Jordskiftekart: Kart over indmarken til gr. nr. 14 br 1-7, Vaage Nedre, Austevold Herad, Søndre Bergenhus Amt. Optat 1914.

b) Vindmøller: Restar etter vindmøllene (fundamenta) frå mellomkrigstida og fram til straumen kom omkring 1950. Det finst bilde av vindmølla i Kvalvågen.

c) Restar etter fundamenta av kvernhusa i bekkane i Mølna og Mølnevika.

d) Statens vassbrunn i Stangelandsvågen. Her bunkra fiskefartøya ferskvatn. Brunnen står framleis og bør markerast med plakett.

e) Losing var ei viktig næring på Stolmen, og her var det losstasjon frå 29. april 1720. Uorganisert losing gjekk føre seg lenge før. Mellom anna var stolmalosane involverte i "Tartar"-episoden i 1808. Fleire losar fann og nye fiskeplassar på havet medan dei venta på skip som skulle losast. Dette premierte kongen dei for.

Litteratur: Johan Tufteland, Hallvard Kalve og Anders Larsen Møgster: Om losing i Kultursoga s. 426-455.

f) Brugdefangsten. Denne spesielle og dristige fangsten er grundig skildra av Johan Tufteland i **Kultursoga s. 101-117**. Ei reiskapssamling frå denne fangsten finst.

g) Kilenota kom til Våge og Årland frå Rasmus Brandesund rett før 1840, og laksefisket vart med denne nota ei betydeleg næring for stolmarane. Lakseplassane bør registerast og merkast av på kart. Det same gjeld sitjenottplassane frå før 1840 og dei 22 faste makrellgarnplassane.

h) Næringsverksemda i buone i Kvalvågen. Sjå Kultursoga!

i) Tollstasjon/tollskøyte i Stolvågen.

j) Post, telefon og rutebåtekspedisjon i Kvalvåg. Telefonstasjonen flytt til Årland i 1930-åra.

Litteratur: Dyngvold, Finn: «Posten skal fram. Spreidde glimt frå vår postsoge.» I *Marsteinen* 25. september 1986.

Kalve, Peder: «Samferdselssektoren i gamal og nyare tid.» I *Marsteinen* 25. september 1986.

k) Fyrlyktene på Vågholmen og Stadlaren. Lykta og oljehuset på Vågholmen vart bygd i 1898.

Krigsminne

a) Napoleonskrigane 1807-1814: Ein del historier finst i Kultursoga og Johan Tuftelands segn om då engelskmennene i 1808 sprang etter stolmarane frå Alsvågen og inn i utmarka. Særleg saka om "Tartar" frå 1808 bør gjerast meir kjent. I samband med krigen vart det etablert ei rekkje "optiske" telegrafar langs kysten. To av desse stod på Stolmen.

Litteratur: T. Melling: *Kysttelegrafen i Sunnhordland 1808-14*. Bømlo 2000.

Nettutgåve:

http://ans.hsh.no/lu/norsk/vidsteen/landskap/landskap_folder/tekstar/kysttelegraf_en.html Melling omtalar to stasjonar på Stolmen: Repeterstasjonen i Øvrevågsvarden og hovedstasjonen i Brattaberget i Ytstaneset.

b) Andre verdskrigen: Tyskarane og verksemda deira på Stolmen. Her finst restar av radaranlegg og grunnmurar etter brakkene og andre bygningar. Desse bør registrerast. **Kjelder:** Ein del kjelder frå krigen er samla på Stolmen. Det finst betydeleg meir i tyske og engelske arkiv.

c) I Digitalarkivet finst det åtte minekart frå krigen på Stolmen:

http://digitalarkivet.arkivverket.no/gen/sok/21/100272?gard=&stad=Stolmen&gate_navn_og_nummer_i_gata=&kommune=&prestegjeld=&fylke=&teiknar_namn=&namn=&id=&arkivskaper=

Samfunnsinstitusjonar: Offentlege bygg, organisasjonsbygg og skulebygg

a) Ungdomshuset frå 1902 var det første ungdomshuset i kommunen. Det vart bygd på dugnad av medlemmene i ungdomslaget. Laget vart skipa i 1900, og var det første i kommunen.

Kjelde: Ungdomslaget sine protokollar.

b) Restar etter grunnmuren av det første skulehuset frå 1865.

Kjelder i Interkommunalt arkiv Hordaland.

c) Helsehuset

Båtar og fartøy

Gamle ro-/seglbåtar som enno finst, må registrast.

Reiskapar frå fiskeri og anna verksemd

I naust, uthus, kjellarar og på loft ligg det ulike reiskapar som må registrerast. Ansvar for arbeidet ligg hos kultur- og nærings sjefen, men bør skje i samarbeid mellom kulturkontoret og organisasjonar som mellom Anna Austevoll historielag, Austevoll kyst- og sogelag, Selbjørn fiskerisogelag, velforeningane og andre.

Fortøyingspålar

Dei mange fortøyingspålane som rustar ned, og fortøyingsmerka som sakte men sikkert blir borte, finst det svært mange av i kommunen. På Stolmen finst det naturlegvis mange slike, og desse bør vedlikehaldast. Sjå t.d. *Adopter et kystkulturminne*:

https://lokalhistoriewiki.no/index.php/Adopter_et_kystkulturminne

og

https://lokalhistoriewiki.no/index.php/Fort%C3%B8yningspunkt_i_Strusshamn

Immaterielle kulturminne

Foto og skriftleg materiale

- a) Ei fotosamling i kommunen frå 1990-åra er nemnd, men den er borte. Her bør det setjast i gong ei systematisk innsamling. Mange bilde frå Stolmen ligg allereie på nettet, nokre finst i redaksjonen hos *Marsteinen* og andre hos private eigarar. Arbeidet med registrering, skanning og arkivering bør gjerast i samarbeid mellom kultur- og nærings sjefen og dei nemnde organisasjonane ovanfor.
- b)
- c) Andre immaterielle kulturminne kan vera ulike private dokument som f. eks. Amerika-brev, telegram og brev som fiskarane sende heim når drivgarnsbåtane var komne vel fram til Island og nedteikningar av mange ulike slag.

Kunst

Kunstsamlinga med motiv frå Stolmen må registrerast i samsvar med Riksantikvarens retningslinjer.

Handverk

- a) Reipslaging på Gåsneset. Detaljert skildring av Johan Tufteland i **Kultursoga** s. 124-138, illustrasjonar s. 132-133.
- b) Reipslaging på Bastasekja i Øvrevåge. Namnet på denne langstrakte myra fortel at det føregjekk reipslaging her.
- c) Barking av garn og nøter.

Litteratur: Aase, Hans: «Barkning.» I *Norsk Fiskeritidende*. Januar 1912, s. 169-172.

d) Tilverking av garn- og nottråd, garn- og notbitting med tilhøyrande reiskapar. Reiskapar til slikt handverk finst.

Tradisjon og segner

a) Segner i Sunnhordland: <http://segner.no/>

Norskseksjonen ved Høgskulen Stord/Haugesund har samla inn segner i Sunnhordland, Hardanger og Nord Rogaland. Frå Austevoll er det 105 segner i denne databasen. 22 er frå Stolmen.

b) Overtru på land og sjø, intervju med fiskarbønder, husmødre, losar, notbasar o. fl. er **nedteikna av Johan Tufteland og andre**. Dette materialet bør tekstbehandlast, og det er eit omfattande arbeid.

c) Intervju med stolmarar om ulike emne, særleg frå etterkrigstida, bør gjennomførast på grunnlag av Riksantikvarens intervjuuskjema.

Song, musikk og dans

a) Niman de Nusquim (Ingenmann fraa Ingenstad): «Brudlaupsvisa fraa Austevold fraa 1722.» Trykt i *Syn og Segn. Norsk Tidsskrift*. 1900. 6. årgang, s. 190-192.

b) Viser av ulikt slag: Sjå kultursoga s. 90-95.

c) Viser som er skrivne til dei årlege islandsfestane og pakkefestane på Stolmen.

d) Viser om notbasar som er skrivne av landnotfiskarar mens dei venta på silda.

Mèdbøker

Fem handskrivne medbøker frå Stolmen med namna og medlinene på fiskeplassane mellom Slåtterøy og Marsteinen er skrivne av og tekstbehandla.

Litteratur: Våge, Nils Steinar: «Til havs med robåt og snøre.» I *Fiskerisogekalender for Austevoll – 2013*

og

Ei upublisert medsamling med 120 fiskeplassar.

Stadnamn

Stadnamna på Stolmen ligg på nettstaden www.hordanamn.no saman med namna i resten av kommunen.

Kart

Namnet Stolmen står på kart frå 1500-talet og i hundreåra framover. Det understrekar kjennskapen vår om at øya og har hatt betydning både nasjonalt og internasjonalt. Difor er det nødvendig at karta frå ulike periodar blir laga gode kopiar av og gjort tilgjengelg.

Kjelde: <http://www.kartverket.no/Kart/Historiske-kart/>